

Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 19/1655-5

Regionale utviklingsmidlar 2019 - fordeling 3

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Fagskulen i Sogn og Fjordane får 550 000 kr. til fagskulestudiet – Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi.
2. Framtidsfylket AS får 250 000 kr. til gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2020.
3. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får 100 000 kr. til prosjektet «Pitchekonurransar for gründerar og driftige folk». Det er ein føresetnad at midlane kan tildelast i tråd med statsstøtteregulverket.
4. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «3-årig prosjekt for å tilrettelegge møteplasser med mål om meir nyskaping frå helsesektoren»
5. Vestnorsk filmkommissjon får 300 000 kr. i driftsstøtte for 2020.
6. Sogn regionråd får 400 000 kr. til gjennomføring av det første året av prosjektet «Sogn for alle - integrering og inkludering».
7. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Rekrutteringsprosjekt».
8. Lærdal Næringsutvikling AS får avslag på søknad om støtte til «Utviklingsprosjekt Øyraplussen 14 AS».
9. Strukturplast AS får 410 000 kr til prosjektet «NCMT - Norwegian Center for Material Technology».
10. Sogn Regionråd får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Profil og merkevarebygging av Sogn».
11. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Globalisering i næringslivet».
12. Aksello AS får avslag på søknad om tilskot til «Hovudprosjekt Havbruk».
13. Mediefondet Zefyr får 215 000 kr. i driftsstøtte for 2020.
14. Nasjonal klynge for campingnæring får 240 000 kr til prosjektet «Bærekraftig campingnæring i Sogn og Fjordane».
15. Det vert løyvd 400 000 kr. til prosjektet «Videobasert bestandsovervaking av Lærdalselvi». Fylkesdirektøren får fullmakt til å følge opp justert søknad og gjere endeleg vedtak.
16. NORCE klima får 200 000 kr. til utvikling av Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI) om klimavarsling. Midlane skal dekke første året innan landbruksnoden i prosjektet. Tilskotet føreset at NORCE får innvilga søknaden dei skal sende til Forskningsrådet. Eventuelt tilskot frå hausten 2021 vert å ta stilling til av Vestland fylkeskommune.
17. Det vert sett av 2,13 mill. kr. til ekstra breibandsatsing i Sogn og Fjordane i 2019. Og til prosjekt for å ta i bruk teknologiske løysingar som breiband opnar for, herunder arbeidet med smarte bygder. Tildeling til breiband-prosjekt vert gjort administrativt i tråd med liste over prioriterte prosjekt i HNK-sak 41/19. Det er ein føresetnad at midlane blir tildelt i tråd med statsstøtteregulverket. Midlane vert sett i samband med dei ekstramidlane til breiband som venteleg vert sett av i samband med tertialrapport 2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei midlane som går til prosjekt for å ta i bruk teknologiske løysingar.
18. Det vert sett av 200 000 kr for å sikre deltaking i NTRANS ut 2021.
19. Det vert sett av 1,4 mill. kr til ei satsing på nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt.
20. Sagastad Drift AS får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Utvikling av audioguide Sagastad»
21. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar frå INU-ordninga i tråd med føremål beskrive i fylkestingssak 19/17.
22. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2019.

23. Tilskota vert finansiert slik:

- a. Tilskotet til fagskulen i Sogn og Fjordane vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
- b. Tilskotet til Framtidsfylket AS vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
- c. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
- d. Tilskotet til Vestnorsk filmkommisjon vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
- e. Tilskotet til Sogn regionråd vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
- f. Tilskotet til Strukturplast AS vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
- g. Tilskotet til Mediefondet Zefyr vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019 - Andre næringsområde.
- h. Tilskotet til Nasjonal klynge for campingnæringen vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
- i. Tilskotet til Stiftelsen Norsk villakssenter vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
- j. Tilskotet til NORCE klima vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.
- k. Tilskot til ekstra breibandsatsing vert dekt med restmidlar innan sektoren, utviklingsfond næring.
- l. Tilskotet til deltaking NTRANS vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7012 - Bransjeretta satsingar.
- m. Tilskot til satsing på nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert dekt med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 - Nyskaping.

24. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i tilskotsbrev

Vedlegg:

- a. Søknad - Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi
- b. Søknad - Karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2020
- c. Søknad - Pitchekonkurranse for gründerar og driftige folk
- d. Søknad - 3-årig prosjekt for å tilrettelegge møteplasser med mål om meir nyskaping frå helsesektoren
- e. Søknad - Vestnorsk filmkommisjon
- f. Søknad - Sogn for alle - integrering og inkludering
- g. Søknad - Rekrutteringsprosjekt
- h. Søknad - Utviklingsprosjekt Øyraplussen 14 AS (villakssenter og kunstmuseum)
- i. Søknad - NCMT - Norwegian Center for Material Technology
- j. Søknad - Profil og merkevarebygging av Sogn
- k. Søknad - Globalisering i næringslivet
- l. Søknad - Hovudprosjekt Havbruk
- m. Søknad - Mediefondet Zefyr
- n. Søknad - Bærekraftig campingnæring i Sogn og Fjordane
- o. Søknad - Videobasert bestandsovervaking av Lærdalselvi
- p. Søknad - Utvikling av Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI) om klimavarsling
- q. Søknad - Utvikling av audioguide Sagastad

Andre relevante dokument i saka:

www.verdiskapingsplanen.no

[Retningslinjer for verkemiddelbruk - næring](#)

Eventuelle vedlegg til søknader om ikkje er lagt ved

SAKSFRAMSTILLING**0. Samandrag**

Saka gjeld tildelingar av regionale utviklingsmidlar frå næring og kultur sitt budsjett. Fylgjande søknadar vert handsama:

1. Fagskulen i Sogn og Fjordane – Fagskulestudie mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi.
2. Framtidsfylket AS - Gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2020

3. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane - Pitchenkonkurransar for gründerar og driftige folk
4. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane - 3-årig prosjekt for å tilrettelegge møteplasser med mål om meir nyskaping frå helsesektoren
5. Driftsstøtte for 2020 - vestnorsk filmkommisjon
6. Sogn regionråd får - Sogn for alle - integrering og inkludering
7. Aksello AS - Rekrutteringsprosjekt
8. Utviklingsprosjekt Øyrapllassen 14 AS (villakssenter og kunstmuseum)
9. Strukturplast AS - NCMT - Norwegian Center for Material Technology
10. Profil og merkevarebygging av Sogn
11. Aksello AS - Globalisering i næringslivet
12. Aksello AS - Hovudprosjekt Havbruk
13. Driftsstøtte for 2020 - Mediefondet Zefyr
14. Bærekraftig campingnæring i Sogn og Fjordane
15. Stiftelsen Norsk villakssenter - Videobasert bestandsovervaking av Lærdalselvi
16. NORCE Norwegian Research Centre AS - Utvikling av Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI) om klimavarsling.
17. Breibandsatsing i Sogn og Fjordane i 2019.
18. FME Ntrans
19. Større satsingar i regi av FK – m.a. innsats innan næringsutvikling i bygder og distrikt
20. Fjordane friluftsråd - midlar til båt
21. Nærøyfjorden verdsarvpark - Vandring og verdiskaping 2019
22. Disponering av restmidlar INU og fullmakt på resterande driftsmidlar

1. Oppstart av fagskulestudiet Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi.

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

Bakgrunn

Fagskulen i Sogn og Fjordane har fått godkjent fagskulestudiet Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi. I samarbeid med Mo og Øyrane vgs., avd. Mo, ønsker dei å starte opp studiet i januar 2020. Dei søkjer om støtte for å få dette til.

Historikk

Fagskulen søkte om 405 000 kr. til studiet då midlane til rekruttering og kompetanseheving i landbruket blei lyst ut på vårparten 2019. Her nådde dei ikkje opp, både fordi summen var for stor i høve det som var tilgjengeleg (totalt 1,22 mill. kr.), og at det var praksis for å ikkje støtte studietilbod som var kome så langt (godkjent av NOKUT).

Innan rekruttering og kompetanseheving har vi signalisert at vi ynskte å støtte den delen som gjekk på marknadsføring, og ikkje det som vart rekna som meir ordinært arbeid med utvikling av studiet, eller oppstart.

Når vi avslo søknaden så sa vi at prosjektet er så pass spennande og viktig for næringa, at vi ynskte å vurdere saka nærare utanom denne ordninga.

Det har i ettertid vore vanskeleg å løyst ut anna finansiering til prosjektet. Men fagskulen har no utarbeidd ein ny finansieringsplan.

Vi har tidlegare sett av 40 000 kr. frå midlane til rekruttering og kompetanseheving til marknadsføring av studiet.

Om søknaden

Om studiet og bakgrunn for oppstart

Prosjektet tek sikte på å starte opp eit studium innan studieretning jordbruk. Studiet Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi vart godkjent av NOKUT sommaren 2018. Fagskulen i Sogn og Fjordane og Mo og Øyrane vgs., avdeling Mo, ønsker å starte opp studiet januar 2020. Fagskuletilbodet er utarbeidd saman med landbruksnæringa som følge av behov for kompetanseheving i næringa.

Fagskulen ønsker å prosjektfinsiere oppstarten, og deretter søke statleg finansiering gjennom Kunnskapsdepartementet (KD) sine midlar som vil bli lyste ut til bruk på nye studieplassar. KD vil truleg lyse ut desse midlane i løpet av 2020. Dersom statleg finansiering vert innvilga innan prosjektperioden vil resterande innvilga prosjektmidlar frå andre bli returnerte.

Landbruket står overfor endringar som vil vedkome mange bønder. Innan 2034 skal alle mjølkeprodusentar ha slutta med båsfjøs. Mange har allereie lagt om produksjonane til lausdrift, og fleirtalet installerer mjølkerobotar. Det er ikkje tvil om at robotmjølking krev kompetanse i tillegg til dei tradisjonelle måtane ein har drifta ein mjølkeproduksjon på.

Omlag 50% av all produsert mjølk blir produsert med bruk av robotteknologi. Dette betyr at dei neste åra vil mange bønder ta i bruk ny teknologi. Også dei som skal vere avløyssarar vil måtte forstå nye system og ny teknologi som er knytte til bruk av mjølkerobot.

Det er få fagskulekurs innanfor grøn sektor. Søkjar legg vekt på at det er viktig for næringa at eit slikt kompetansehevande tiltak får høve til å bli starta og utvikla. Dei yngre som er på veg inn i næringa er flinke til å ta i bruk ny teknologi. Denne gruppa er opne for å lære ny teori gjennom digitale læringsressursar og digital undervisning. Bøndene er ei yrkesgruppe som i mindre grad har høve til å reise vekk frå produksjon og dyr. Utvikling av eit digitalt studium vil vere svært viktig også av den grunn.

Fagskulen har som ambisjon å utdanne kandidatar knytt til jordbruksnæringa i regionen og nasjonalt. Det vil dei gjennomføre ved å nytte digital undervisning i tillegg til fysiske samlingar.

Dette studiet har behov for utvikling av digitale læremiddel. Læremidla må omhandle digital teknologi for å kunne forstå mjølkeroboten. Dette er kunnskap som mjølkebøndene må tileigne seg ved omlegging til lausdrift og robotfjøs. Søkjar seier landbruksnæringane og landbruksorganisasjonane både lokalt og sentralt er svært positive til utdanninga og vil bidra med marknadsføring, kompetanse og evaluering av studietilbodet.

Prosjektet er inkludert i ei større satsing. Fylkeskommunen, Fagskulen og Høgskulen på Vestlandet (HVL) gjennomføre generalforsamling 6. september 2019 og etablere teknologiprojekt Campus Førde Verftet AS. Jordbruk er ei av satsingane innan dette prosjektet, gjennom eit samarbeid med fagskulen, høgskulen, Mo- og Øyrane vgs., landbrukssamvirke v/Tine, Sogn og Fjordane Bondelag og Sunnfjord kommune.

HVL ønsker å rekruttere ein traineestilling for FoU og innovasjon som skal ha som hovudoppgåve å utvikle samarbeidsprosjekt i landbruket. Tine har vore med Campus Førde verftet AS i utviklingsprosessen til laboratorium som inneheld produksjonslinjer med datateknologi, sensorteknologi, automatisering og robotteknologi. Produksjonsutstyret skal styrke teknologisk utvikling i jordbruket. Bondelaget og Førde kommune ser samstundes dette prosjektet som eit høve til å knyte eit FoU arbeid direkte til jordbruket. Dette kan bidra til å etablere eit teknologisk utviklingsmiljø for jordbruket i regionen vår. Lab-fasilitetane til Campus Førde Verftet vil bli nytta i undervisninga til studentane i studiet Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi.

Gjennomføring av studiet

Studiet vil bli gjennomført som nettstudium med samlingar. Nettstudiet med samlingar er bygd opp av fire hovudemne som består av fleire undertema.

Det blir lagt opp til 6 samlingar per studieår. Samlingane vil gå over 3 dagar med 10 timar undervisning kvar dag. Undervisningsmateriell og oppgåver blir publiserte i den digitale læringsplattforma Teams. Kommunikasjonen mellom studentane (gruppe- og refleksjonsarbeid) og mellom lærar og student vil mellom samlingane gå føre seg på Teams og det digitale undervisningsverktøyet Zoom.

Studiet vil gå over to studieår (fire semester). Undervisninga er i hovudsak lagt til samlingane, men undervisning vil også gå føre seg på nett mellom samlingane.

I tillegg til teoriundervisning vil delar av samlingane bli nytta til praktisk undervisning og til relevante gardsbesøk. Studiet føreset at studentane arbeider mykje med teorien mellom samlingane. Det er difor lagt til rette for at faglærar skal kunne rettleie i denne perioden.

Studentane får utlevert oppgåver som dei skal arbeide med heime. Oppgåvene er knytte til tema på samlingane.

	Tema	St.poeng	Timar
Emne 1	Driftsleiing og økonomi - Rammevilkår - Bedriftsøkonomi - Rekneskapsforståing - Leiing, inkl. arbeidsgjevaransvar - Yrkesretta kommunikasjon	9	255
Emne 2	Mjølkeproduksjon og robotteknologi - Mjølkeproduksjonens utvikling - Robotteknologi - Ernæring - Føring i robotfjøs - Dyrehelse, dyrevelferd, avl og fruktbarheit i robotfjøs	33	935
Emne 3	Grovforproduksjon - Jordkultur og jordbearbeiding - Pløntekultur - Presisjonslandbruk - Landbruk og miljø - Hausting og ensilering	10	283
Emne 4	Hovudprosjekt - Fordjupingsoppgåve innanfor mjølkeproduksjon - Valfri problemstilling, godkjennast av fagpersonar	8	227
SUM		60 studiepoeng	1 700 timar

Aktivitetar i prosjektet

Prosjektet vil no bli søkt om støtte til omhandlar oppstart og igangsetting av studiet Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi.

Sentrale aktivitetar er

- marknadsføring
- opplæring av undervisningspersonalet
- undervisning
- produksjon av læringsressursar
- kvalitetsutvikling og kvalitetssikring av utdanninga.

Marknadsføringa blir sentral før studiet startar opp. Søkjar ser føre seg at studiet vil vere av nasjonal interesse. Det er også vesentleg for Fagskulen å få nok søkarar til studiet. Tal studentar vil vere grunnlag for finansiering på sikt.

Personalet som skal gjennomføre undervisning må lærast opp i digital pedagogikk og bruk av digitale hjelpemiddel. Denne opplæringa er nødvendig for at undervisninga skal vere effektiv og av god kvalitet. Før studiet startar må fagpersonalet produsere læringsressursar. Det vil vere både digitale resursar og skriftleg materiale. I oppstarten vil det vere vesentleg å sørge for kvalitet i studiet.

Prosjekt mål

Utdanne minst 15 studentar med kompetanse i mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi innan 2021. Deretter utdanne minst 15 studentar kvart år.

Forankring, organisering og samarbeidspartar

Søkjar trekkjer fram at prosjektet er forankra Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2019, Verdiskapingsplanen til Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2014 – 2025, Fagskulen i Sogn og Fjordane sin strategiplan.

Styringsgruppe er styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane. Arbeidsgruppe består av representantar frå Mo og Øyrane vgs., og fagskulen. Prosjektet er i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Mo og Øyrane vgs., avd. Mo, er i stor grad med på å legge til rette for studiet. Studiet vil bli gjennomført i lokala til avd. Mo. Forutan innleigd personale vil avd. Mo nytte sitt fagpersonell i undervisninga. Det betyr at Fagskulen i Sogn og Fjordane ved rektor er prosjektansvarleg og Mo og Øyrane vgs., avd. Mo, er teknisk utførande. Det er også naudsynt å hente inn særleg kompetanse både frå næringslivet i fylket, men også frå nasjonalt hald. Dette blir gjort for å sikre best mogleg kvalitet på undervisninga i alle emne. Søkjar vil primært nytte seg av ressurspersonar frå samarbeidspartar, det vil seie organisasjonar i næringa. Dei har kompetanse, evaluering, utvikling og rekrutteringsavtale med Norsk landbruksrådgiving Vest, Nortura, DeLaval, Tine, Sogn og Fjordane Bondelag, Fjøsssystemer, RL-teknikk og Småbrukarlaget.

Målgrupper

Målgruppa for studiet er jordbrukarar som allereie har eller skal installere mjølkerobot, fjøsavløysarar, rådgjevarar i landbruket og evt. teknikarar/servicefolk.

Resultat og effektar

Resultatet skal vere å utdanne minst 15 studentar med kompetanse i mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi innan 2021. Deretter utdanne minst 15 studentar kvart år

Effekten av prosjektet vil bidra til at fleire får kompetanse om jordbruk og kompetanse om utvikling av jordbruket. Den digitale læringa kombinert med robotteknologi vil kunne overførast til andre delar av jordbruket. På denne måten meiner søkjar at det vil oppstå utvikling og innovasjon i næringa. Dette vil gjere at fleire får fagkompetanse innan landbruket, noko som sikrar eigarskifte på gardane og busetnad i bygdene i Sogn og Fjordane.

Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Administrasjon og prosjektleiing		25 000	25 000			50 000
Marknadsføring	25 000	25 000				50 000
Produksjon av læringsressursar	50 000	50 000				100 000
Undervisning		800 000	800 000			1 600 000
Sum kostnad	75 000	900 000	825 000			1 800 000

Ingen

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigenandel		100 000	100 000			200 000
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		125 000	125 000			250 000
Sogn og fjordane Fylkeskommune		275 000	275 000			550 000
Sparebanken Sogn og Fjordane - Sparebankstiftelsen		400 000	400 000			800 000
Sum finansiering		900 000	900 000			1 800 000

Fagskulen i Sogn og Fjordane har søkt tre instansar om midlar til prosjektet der vi prøver å sette i gang fagskuleutdanning

Midlane det vert søkt om er til oppstart og gjennomføring i to år av studiet Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi. Fagskulen vil i prosjektperioden søke KD om finansiering av studiet. Det kan dei gjere når KD lyser ut midlar til nye studieplassar. Dei trur det vert lyst ut nye studieplassar i løpet av prosjektperioden.

Vurdering

Det er få fagskulekurs innanfor grøn sektor. Etableringa av eit fagskuletilbod innan tradisjonelt landbruk i Sogn og Fjordane er positivt. Mange bønder vil dei neste åra stå ovanfor teknologiske endringar, og robotmjølkning krev ein tilleggskompetanse frå bøndene, og avløyssarane. Mange vil i løpet av dei neste åra måtte ta i bruk ny teknologi.

Vi trur det er avgjerande at studiet vert tilpassa bøndene sin kvardag, med deltidsstudium, samlingar og digitale læringsressursar. Næringa er svært positive til etablering av eit studium.

Det er positivt at prosjektet er inkludert i ei større landbruk- og teknologisatsing, der ein mellom anna samarbeidar med høgskule, kommune, Campus Førde Verftet, faglag og næring elles. Det tette samarbeidet med Mo og Øyrane vil vere ei styrking av begge skulane.

Landbruksnæringa, og særleg mjølkeproduksjon, er viktig for fylket, og er ei prioritert satsing i verdiskapingsplanen. Vi ynskjer ei innovativ næring, som kan omstille seg til dei endringane som kjem. Verdiskaping ved produksjon og foredling, omstilling og utvikling i primærproduksjonen, sysselsetting og busetnad, og rekruttering til landbruket er sentrale prioriteringar i planen.

Prosjektet er også forankra i plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket, og i Fagskulen i Sogn og Fjordane sin strategiplan.

Vi trur det er viktig at fylkeskommunen er med på å få studiet i gang. Det vil bidra til auka kompetanse og innovasjon i næringa. Prosjektet vil styrke både fagskulen og den vidaregåande skulen på Mo og Øyrane. Søkjar trur det er god sjanse for å få tildelt studieplassar frå staten. Ei vellukka gjennomføring av studiet, og kompetansebygginga som skal gjerast gjennom prosjektet vil truleg vere positivt for ein søknad om studieplassar. Det bør ikkje vere aktuelt for fylkeskommunen å gå inn med støtte utover det omsøkte prosjektet.

Vi synest prosjektet er noko omfattande med tanke på økonomi, og tenkjer det kunne vere naturleg om søkjar reduserte litt eller gjekk inn med meir eigenfinansiering, då dette er med på å bygge opp eit varig studietilbod. Vi rår difor til å gå inn med 550 000 kr. I denne samanhengen tenkjer vi at det ikkje vil vere problematisk med tanke på samfinansiering dersom fylkesmannen vil velje å også gå inn med finansiering. Grunnen er at det er få som er med på å finansiere slike utdanningstilbod, og det vil vere eit stort løft for næringa i fylket om vi får studiet i gang.

2. Framtidsfylket Karrieremesser 2020

(sakshandsamar: Ingvild Andersen)

Bakgrunn

Framtidsfylket AS søker om 250 000 kr i støtte til gjennomføring av fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2020. Målet er å synleggjere karrieremoglegheiter i region Sogn og Fjordane for unge vaksne som er under utdanning eller i etableringsfasen.

Fylkeskommunen har tidlegare støtta messene slik:

2019: Bergen, Oslo og Trondheim: kr 250 000

2018: Bergen og Trondheim: kr 200 000

2017: Bergen, Oslo og Trondheim: kr 200 000

2016: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 200 000

2015: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 200 000

2014: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 225 000. Workshop knytt til messa i Bergen kr 17 350.

2013: Bergen og Oslo: Kr 215 000. Sogndal: Kr 65 000

2012: Bergen og Trondheim: Kr 115 000. Sogndal: Kr 65 000

2011: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 150 000. Sogndal: Kr 75 000.

2010: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 125 000.

Nærare omtale

Framtidsfylket har sidan 2007 organisert eigne fylkesdekkjande karrieremesser i studiebyane Bergen, Oslo og Trondheim.

Dei seinare åra har messene i Bergen og Trondheim halde seg stabilt i storleik, medan messa i Oslo ikkje har vore like enkel å rekruttere publikum til. Studentane er også meir selektive til kva messer dei går på. Det må ha fagleg relevans. Messa i Bergen er framleis den største. Fleire bedrifter rapporterer at dei møter komande arbeidstakarar på messene. Karrieremessene er også viktige å sjå i samheng med Framtidsfylket Trainee, som har vakse til å bli det største regionale traineeprogrammet i Noreg, der messene er eit viktig møtepunkt mellom potensielle trainear og bedriftene.

Framtidsfylket er i planleggingsfasen for ein overgang frå Sogn og Fjordane fylke til Vestland fylke. I denne fasen vert også messene for 2020 planlagt. Framtidsfylket meiner det er viktigare enn nokon gong å synleggjere karrieremoglegheitene i Sogn og Fjordane for dei tre største byane i landet.

For å tiltrekke seg målgruppa vil Framtidsfylket appellere til verdival og berekraft. Unge vaksne i dag er opptekne av å gjere ein forskjell for klima og miljø, og eit val om å jobbe og leve i Sogn og Fjordane kan bidra til det. Framtidsfylket meiner vår region kan ta ein posisjon innan rekruttering på dette feltet. I tillegg vil messene i 2020 vere meir spissa når det gjeld å kople bedrifter og deira behov for kompetanse med studentar med relevant studiebakgrunn. Framtidsfylket skreddarsyr kampanjen, mobiliserer internt i fylket og bruker sosiale media for å nå ut med budskapet. I tillegg bruker dei historiefortelling som verktøy.

Messene er forankra i samarbeid med kommunar, næringsliv og regionar i fylket.

Målet med karrieremessene er å auke tilflyttinga til Sogn og Fjordane ved å

1. Vise breidde og variasjon i arbeidsmarknaden i fylket
2. Synleggjere skaparkrafta, dei innovative bedriftene og offentlege organisasjonane
3. Fortelje historia om verdival menneska, bedriftene, kommunane gjer som skaper gode bu- og arbeidsmiljø
4. Skape ein nettverksarena for næringslivet i regionen utanfor eiga stovedør

Resultatet ein ønskjer å sjå er

1. Tilsetting hos dei bedriftene som deltek
2. Større søkjarmasse til traineestillingane
3. Meir merksemd på moglegheitene i regionane som deltek

Kostnadsplan

Tittel	2018	SUM
Administrative kostnader	455 000	455 000
Marknadsføring	335 000	335 000
Honorar-seminar, kultur	150 000	150 000
Bergen	450 000	450 000
Oslo	200 000	200 000
Trondheim	300 000	300 000
Sum kostnad	1 890 000	1 890 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	SUM
Eigendel stands	1 400 000	1 400 000
Regionråda	240 000	240 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	250 000	250 000
Sum finansiering	1 890 000	1 890 000

Fylkeskommunen sin finansieringspost utgjer 13% av totalbudsjett.

Vurderingar og konsekvensar

Karrieremessene representerer ein vel etablert satsing på rekruttering til Sogn og Fjordane. Framtidsfylket gjer ein god jobb med karrieremessene som har vorte ein viktig arena for nettverksbygging og ein inspirerande møtestad for næringsliv og potensielle arbeidstakarar. Framtidsfylket fornyar seg stadig, i takt med målgruppa, for å halde messene relevante og attraktive.

Framtidsfylket er i samtalar med relevante offentlege og private aktørar i Hordaland om eit tilbod til Vestland fylke. Dette er arbeid som tek tid. I den tida det tar, er det ein fordel om tilbodet til målgruppa vert oppretthaldt.

Støtta frå fylkeskommunen vert sett på som avgjerande for gjennomføring av messene, som held eit høgt nivå. Det er framleis viktig å peike på at messene har vorte eit årleg tiltak, og burde såleis vere implementert i det ordinære driftsbudsjettet til Framtidsfylket. I denne saka finn vi det forsvarleg å gje støtte likevel, ut frå at messene er eit viktig tiltak som har verknad for rekruttering til og omdømebygging for heile Sogn og Fjordane. No også i ei overgangsfase til nytt fylke.

Framtidsfylket søkjer om 250 000 kr., som utgjer om lag 13% av totalbudsjettet. Beløpet er det same som i fjor, og noko høgare enn tidlegare år. Messene kan vise til aukande besøkstal og med tanke på at dei fornyar seg stadig, meiner vi det omsøkte beløpet er akseptabelt.

Messene vert sett pris på av både lokalt næringsliv og studentar. Vi meiner det er rett å halde fram med støtta i ei overgangsfase for å sikre tilbodet i ei tid der mykje er i endring. Vi forventar

at samtalanane med liknande aktørar i Hordaland førar fram til eit godt, foreina tilbod til Vestland fylke frå og med neste søknadsperiode.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Framtidsfylket AS med kr 250 000 til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim 2020.

3. Pitchekonurransar for gründerar og driftige folk

(Sakshandsamar: Adrian Husabø Bjørseth)

Bakgrunn

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (KPSF) søker om eit tilskot på 460 000 kr. til å utvikle konsept for og gjennomføre pitchekonurransar for gründerar og driftige folk.

Historikk

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane har dei siste åra mottatt følgande tilskot frå fylkeskommunen:

År	Tittel	Søker	Innvilget
2019	Styrka innovasjonsstruktur gjennom partnerskap	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	1 200 000
2019	Medfinansiering til Kunnskapsparken inkubator 2019 - 2020	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	2 400 000
2018	FoU-inkubator i Sogn og Fjordane	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	1 250 000
2017	FoU inkubator i Sogn og Fjordane	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	700 000
2017	Utvikling og implementering av innovasjonsstrukturen i Sogn og Fjordane	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	400 000
2016	FoU-inkubator i Sogn og Fjordane	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	2 500 000
2015	FoU-inkubator i Sogn og Fjordane	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	3 500 000
2015	Avfall som ressurs - Forprosjekt Kunnskapsparken	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane	80 000
2015	Grøn vekst basert på avfall som ressurs - Kunnskapsparken	Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	200 000
2014	FoU-inkubator i Sogn og Fjordane	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	2 500 000
2014	Etablering av preså Kornfond (omdisponering)	Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	100 000
2013	Delfinansiering av SIVA sitt forsterka inkubatorprogram i Sogn og Fj.	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	3 700 000
2012	Fjordinkubator	Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	2 500 000
2011	Fjord Inkubator	Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	1 200 000
2011	Studentfunn	Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	350 000

Nærare omtale

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane er ein av to selskap som driv med inkubatorverksemd i fylket. Ein god del av arbeidet med inkubatoren handlar om å rekruttere nye verksemdar inn i inkubatoren. Dette rekrutteringsarbeidet er i stor grad underfinansiert i inkubatorprogrammet. Pitchekonurransane skal vere eit tilskot til selskapets øvrige rekrutteringsstrategi. Samtidig som det retter merksemd på gründerar og ideutvikling i befolkninga.

Kunnskapsparken har det siste året arrangert to pitchekonurransar; ein på fjellsportfestivalen og ein på påsketreffet i Gloppen. Ein pitchekonurrans er ein konkurranse kor deltakarane presenterer sin forretningsside for ein fagjury, der den beste ideen vert premiært. Søkar meiner at slike konkurranse stimulerer til idégenerering og entreprenøriell tankegang i heile fylket. Vidare meiner dei at konkurranse senkar terskelen folk har til å ta kontakt med verkemiddelapparatet. Pitchekonurransane skal vere eit verkemiddel for å leite fram personar med idear som har bruk for den hjelpa som kunnskapsparken kan tilby.

Kunnskapsparken søker om til saman 460 000 til å utvikle konseptet vidare og gjennomføre fem pitchekonurransar i perioden 2019 til 2021. Kostnadane i prosjektet er knytt til forarbeid, mobilisering, gjennomføring og prosjektleiing. Finansieringa er tenkt todelt som eigenfinansiering frå Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og tilskot frå fylkeskommunen. Det er lagt inn premie på 20 000kr. for kvar konkurranse, til saman 100 000 kr. Utanom dette gjeld kostnadsgrunnlaget i stor grad eige arbeid frå Kunnskapsparken.

Søkar legg opp til at ein i fjerde kvartal av 2019 skal utvikle ein grafisk profil for pitchekonurransane. Vidare vil dei arrangere konkurransar på fem ulike plassar i fylket. Dei førebelse lokasjonane er: Førde (Elvepitch på Peak Sunnfjord), Ytre Nordfjord, HAFS, Indre/midtre Nordfjord, Indre Sogn.

Føremålet med konkurransane er tredelt:

1. Nettverksbygging og kunnskapsoverføring for grunderar, forretningsrådgivarar, næringslivsaktørar og andre tilretteleggarar.
2. Auka fokus i lokalsamfunnet på entreprenørskap og innovasjon.
3. Auka synleggjering og mobilisering til grunderverksemde

Det er tenkt at deltakarar skal få tilbod om kontorplass og rådgjeving ei veke i førekant av konkurransen samt rådgjeving og eventuell kopling opp mot verkemiddelapparatet i etterkant.

Søkar har som mål om 12 deltakarar på kvar av dei fem konkurransane, vidare har dei som mål at 4 av disse skal resultere i at ein grunder vert rekruttert inn i inkubatorprogrammet deira. I tillegg har dei som mål å vurdere 10 idear pr. konkurranse som skal rapporterast til SIVA.

Prosjektet vert leia av ein forretningsutviklar i KPSF, og arbeidsgruppa består vidare av to andre forretningsutviklarar og vil bli supplert med andre relevante representantar frå næringssekskap eller kommune.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Forarbeid	18 000	36 000	36 000			90 000
Gjennomføring	125 000	250 000	250 000			625 000
Mobilisering	40 000	27 000	27 000			94 000
Prosjektleiing	27 000	54 000	54 000			135 000
Sum kostnad	210 000	367 000	367 000			944 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigenfinansiering Kunnskapsparken	110 000	187 000	187 000			484 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	100 000	180 000	180 000			460 000
Sum finansiering	210 000	367 000	367 000			944 000

Vurdering

Å leggje til rette for entreprenørar var eit viktig punkt i verdiskapingsplanen. Målsetjinga har vore at det skal vere like naturleg å skape sin eigen arbeidsplass som å søkje jobb i ei eksisterande bedrift. I plandokumentet for rullert verdiskapingsplan, som vart vedteken juni 2018 har dette fokuset no vorte tona ned ein del.

Prioriterte partnarstema - Verdiskapingsplanen		
Innovasjons-infrastruktur	Arbeidskraftbehov og utdanningsstrategiar <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av regional kompetansestrategi 	Innovasjonsnettverk <ul style="list-style-type: none"> • lokale «klynger»
Bedriftsretta arbeid	Innovasjon på tvers av bransjar Møteplassar	Kunnskapsintensive tenesteytande næringar

Satsinga på nyskaping og kunnskap (slått saman i det nye plandokumentet) skal satse på dei områda som er skissert i tabellen over. Her ser ein at prioritert aktivitet innan nyskaping og kunnskap, fram mot etablering av ny regional plan i nye vestland, vil vere på dei fire områda; oppfølging av regional kompetansestrategi, lokale klynger, innovasjon på tvers av bransjar, og kunnskapsintensive tenesteytande næringar. Søknaden treff, etter vårt syn, difor ikkje like godt i denne reviderte planen som den ordinære planen.

Erfaring viser at det krev meir arbeid å rekruttere nye bedrifter inn i inkubatorar som ligg i distrikta enn dei som ligg i byar. Dette har ikkje inkubatorane fått utteljing for i tildelinga av statlege midlar. Det har difor ofte vore eit behov for ekstra økonomisk støtte i dette viktige rekrutteringsarbeidet. Ser ein dette i samanheng med effekten inkubator tilbodet har på dei verksemdene som deltek i programmet så er det sannsynleg at auka rekruttering vil ha ein positiv effekt på tal nyetablerte bedrifter som overlever.

Sjølv om vi meiner at rekruttering til inkubatorprogrammet er viktig, er vi litt usikker på om pitchekonkurranse er det riktige verktøyet for å rekruttere potensielle inkubator deltakarar av høg kvalitet. Erfaring frå tidlegare kurs og konkurranse er at ein i dei aller fleste tilfella treff folk som er interessert i skape ei levebrødsbedrift og ikkje ei nasjonal vekstbedrift. Søkar har ikkje vist til grundig evaluering av tidlegare pitchekonkurranse kor ein ser på kvaliteten og type idear ein har fått inn.

Kva gjeld effekten på lokalsamfunnets og fylkets fokus på entreprenørskap og innovasjon er vi og litt tvilande. Sjølv om konkurransane skal marknadsførast skal sjølve tilstellinga etter det vi les vere lukka arrangement for å verne om ideane. Kor mykje ein då får formidla av positive sider ved entreprenørskap er noko usikkert. Vi ser heller ikkje at fem arrangement skal vere nok til å kommunisere budskapet til mange nok.

Konklusjon

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får 100 000 kr. til å utvikle eit konsept og gjennomføre ein pitchekonkurranse.

Ein føresetnad for tilskotet er at det kan gjevast i samsvar med statsstøtteregulverket.

4. 3-årig prosjekt «Å tilrettelegge for møteplassar med mål om meir nyskaping frå helsesektoren»

(Sakshandsamar: Lars Hustveit)

Bakgrunn

Samfunnet står ovanfor store utfordringar i helsesektoren. Desse utfordringane kan vere utgangspunkt for entreprenørskap der offentleg og privat sektor samarbeider om nye løysingar.

Nærare omtale av søknaden

Søklar skisserer eit 3-årig utviklingsprosjekt der hovudgrepet er å lage møteplassar for kunnskapsdeling og relasjonsbygging på tvers av fag og sektorar. Målet er vidare reell auke i verdiskaping og arbeidsplassutvikling. Effekten av prosjektet er å skape innovasjonskultur og nye arbeidsplassar.

Aktivitet:

- Årleg helseinnovasjonskonferanse med mål om 50/50 deltaking frå det offentlege og næringslivet
- TekPRAT ein gang pr halvår der ein samlar teknologiinteresserte frå det offentlege, næringslivet og forskning/utdanning

Prosjektet er organisert med ein prosjektleiar (Gro Rukan) og prosjektmedarbeidar (Tuva Eide), begge frå Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Andre deltakarar vert trekte inn etter behov.

Prosjektet er kalkulert til kr 1.308.000 for heile 3-årsperioden (2019-2021) der arrangementskostnader utgjer kr 573.000, marknadsføringskostnader kr 135.000 og planlegging og administrasjon kr 600.000.

Det vert søkt om kr 400.000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune fordelt med kr 150.000 for 2019 og kr 125.000 for kvart av åra 2020 og 2021). Finansieringsplanen føreset elles kr 308.000 frå bankar og andre, kr 225.000 i deltakaravgift og kr 375.000 i eigenandel frå søkjar.

Vurdering

Tenkinga bak prosjektet er god. Innsats for å løyse framtidige helsetilbod krev nytenking og nyskaping med innsats frå næringslivet. Dessverre er søknaden utan analyse av kva vi har å bygge på i Sogn og Fjordane. Rådet til offentlege styresmakter er å bruke verkemidla på å utvikle nye forretningsområde med basis i god analyse av at vi har kompetanse og industriell erfaring å bygge på. Dette prosjektinitiativet tek ikkje eit slikt utgangspunkt.

Partnerskapen i Sogn og Fjordane har gjennom verdiskapingsplanen ikkje peika på helseinnovasjon som eit satsingsområde. Vi bør prioritere midlane vi rår over til arenabygging og mobilisering der vi har identifisert føremoner gjennom planprosessane. Derimot har vi i arbeidet med forskning og utvikling peika på innsats knytt til teknologi og IKT. Her finst alt finansierte tenester (VRI4 og til dels Teknoløft). I VRI4 er det midlar til å lage møteplassar for ideutvikling, for å kople iderike gründarar med forskingsmiljø eller inkubator tenester og ev hjelpe gründar / gründarmiljøet vidare i høve det bedriftsretta verkemiddelapparatet (inkl. forskning og utvikling). Mogelege kommersielle idear innan helsesegmentet har såleis tilbod. Kunnskapsparken og andre kan bruke desse verkemidla på konkrete initiativ.

Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår avslag på søknaden

5. Vestnorsk filmkommisjon

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

Bakgrunn for saka

Vestnorsk filmkommisjon (VNFK) jobbar for å auke tal filminnspelningar i Sogn og Fjordane, og bidra til at fylket får utbytte av den statlege insentivordninga for filmproduksjonar. VNFK søker om 300 000 kr i støtte til dette arbeidet i 2020.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt støtte til filmselskap i fylket sidan 2009. Dei siste åra har fylket gitt slik driftsstøtte til filmselskap:

År/selskap	2016	2017	2018
Vestnorsk filmsenter	100 000	100 000	100 000
Vestnorsk filmkommisjon	300 000	300 000	300 000
Mediefondet Zefyr AS	200 000	205 000	210 000

Nærare omtale

Filmkommisjonen har sidan 2009 vore lagt til Vestnorsk filmsenter som ei uavhengig finansiert avdeling, og har sidan den gang representert Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. VNFK har ein tilsett i full stilling, som hentar inn ekspertise frå det regionale filmmiljøet etter behov.

VNFK sin aktivitet er finansiert gjennom tilskot frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. VNFK er derfor ikkje bunden av kommersielle aktørar og kan tilby gratis tenester. Mellom anna tilbyr dei internasjonale prosjekt gratis informasjon om norske filmproduksjons- og finansieringsforhold, og bistår dei største prosjekta med å arrangere synfaringar og med innleiande hjelp til budsjettering av moglege innspelningar i regionen. I tillegg marknadsfører VNFK regionen som ein attraktiv innspelingsstad og reisemål.

Filmkommisjonen skal gi vestnorsk filmbransje auka oppdragsmengde, kontinuitet og internasjonal samanlikning. Målet er å auke tal filminnspelningar i Sogn og Fjordane, og bidra til at fylket får utbytte av den statlege insentivordninga. Ønskja effekt for Sogn og Fjordane er auka verdiskaping i filmbransjen og kreative næringar, i tenesteytande sektor og besøksnæring, auka marknadsføring for reiselivet og positivt omdømme som filmdestinasjon.

Filmkommisjonen har erfaring frå å jobbe i internasjonale team som gir skjerpande kvalitetskrav og kompetanse som kjem lokale filmproduksjonar til gode. Til dømes sit filmkommisjonen i styret til AFCI (Association of Film Commissioners International) saman med 300 offentlege

filmkommisjonar frå verdsdelane. Filmkommisjonen samarbeider også med andre internasjonale organisasjonar og ambassadar, i tillegg til relevante nasjonale aktørar.

På sikt er målet at 1-2 av dei største filmene eller internasjonale dramaseriane skal leggje deler av produksjonen til Vestlandet kvart år, i tillegg til ein rekke mindre produksjonar.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
						0
Driftskostnader	300 000					300 000
Personal	700 000					700 000
Prosjektkostnader:						
Befaring og markedsføring	309 000					309 000
Sum kostnad	1 309 000					1 309 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Møre og Romsdal fylkeskommune	421 000					421 000
Partnerskapsmidler, Hordaland	588 000					588 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	300 000					300 000
Sum finansiering	1 309 000					1 309 000

Vurdering og konsekvensar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom fleire år støtta Filmkommisjonen. Dette aukar sjansen for nye filminnspelningar i Sogn og Fjordane. Filminnspelningar bidreg til auka omsetnad på innspilingsstaden som igjen kan bidra til auka verdiskaping innan lokal tenesteytande næring. Samtidig gir ferdige filmproduksjonar merksemd til regionen som reisemål.

Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vart vedteken i fylkestinget 19. oktober 2018. Den 4. desember vedtok fylkestinget handlingsprogram 2019-2022 til kulturplanen. Når det gjeld kino og film, har fylkeskommunen forplikta seg til å «Styrkje vilkåra for å produsere film i fylket (m.a. ved å vidareføre og auke satsinga på Vestnorsk filmsenter og filmfondet Zefyr, stipend og utviklingsmidlar)» Ansvar er lagt til kommunane, fylkeskommunen og Vestnorsk filmsenter.

For 2020 har Vestnorsk filmkommisjon søkt Sogn og Fjordane fylkeskommune om 300 000 kr i driftsstøtte. Søknadssummen utgjer om lag 23% av totalbudsjettet. Beløpet og andelen ligg på nivå med tidlegare år. Fylkeskommunen ønskjer å vidareføre støtta til Vestnorsk filmkommisjon.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Vestnorsk filmkommisjon med 300 000 kr. i driftsstøtte for 2020.

6. Sogn for alle - integrering og inkludering

(Sakshandsamar: Adrian Husabø Bjørseth)

Bakgrunn

Sogn regionråd søker fylkeskommunen om eit tilskot på 1,1 mill. kr. til gjennomføring av dei to første åra i prosjektet «Sogn for alle – integrering og inkludering». Målet for prosjektet er å bidra til meir verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bolyst blant innvandrarar og dermed auke talet som vert buande i Sogn.

Historikk

Sogn regionråd har mottatt følgande tilskot dei siste åra;

År	Tittel	Søker	Innvilget
----	--------	-------	-----------

2019	Sogn Regionråd 2019	Sogn Regionråd	500 000
2018	Regionrådsavtale Sogn 2018	Sogn Regionråd	500 000
2017	Regionrådsavtale Sogn 2017	Sogn Regionråd	500 000
2016	Entreprenøriell verktøykasse	Sogn regionråd	50 000
2016	Prosjektstøtte Sogn Regionråd	Sogn Regionråd	550 000
2015	Prosjektstøtte Sogn Regionråd	Sogn Regionråd	550 000
2013	Tilleggsføring "Ny reiselivsorganisering i Sogn"	Sogn regionråd	150 000
2013	Entreprenøriell matematikk	Sogn regionråd	160 000
2012	Reiselivsorganisering i Sogn	Sogn regionråd	150 000

Nærare omtale

Prosjektet er motivert av det faktum at kommunane i Sogn relativt sett tek i mot ganske mange innvandrar, men at få vert buande i regionen. Det å auke bustadsattraktiviteten til kommunane er viktig for at fleire skal velje å bli verande. Oppnår ein dette vil ein få fleire positive effektar, mellom anna at det vert lettare for bedrifter å rekruttere. Tal frå IMDI viser at det er mange innvandrar med høg kompetanse og utdanning i området. Å nytte dei ressursane desse representerer vert viktig i tida framover for å sikre nok befolkningsgrunnlag i distriktkommunar samtidig som det underbygger vekst i næringslivet.

Prosjektet har eit årleg budsjett på 2,43 mill. kr. og prosjektet er tenkt gjennomført over fire år. Fylkeskommunen sitt årlege bidrag er sett til 550 000 kr.

Prosjektet er delt opp i 7 delprosjekt/arbeidspakkar med tilhøyrande mål, desse er:

1. *Oppstart og etablering* – etablere ein effektiv prosjektstruktur
2. *Identifisera ressursar og behov* – kople behov og ressursar og lage grunnlag for prioriterte satsingsområde
3. *Språk og samfunn* – gode språkkunnskapar og god samfunnsforståing
4. *Arbeid* – fleire innvandrarar inn i arbeidslivet
5. *Utdanning* – Auka sysselsetjing gjennom målretta kvalifisering og utdanning
6. *Bustad* – Auka og varig busetnad av innvandrarar
7. *Fritid og familie* – Auka inkludering frå organisasjonar og lag, og større oppleving av inkludering og auka aktiv deltaking blant innvandrar

Prosjekteigar er Sogn regionråd og prosjektet vert leia av ein prosjektleiar og ei styringsgruppe som er sett saman av representantar frå kommunane. Kommunane skal bidra med ein stillingsressurs på minimum 10 % kvar.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Aktivitetar	300 000	300 000				600 000
Arrangement og kickoff	255 000	255 000				510 000
Kontaktpersonar i kommunane	700 000	700 000				1 400 000
Møte/reiser	175 000	175 000				350 000
Næringsaktørar i kommunane	100 000	100 000				200 000
Prosjektleiar	900 000	900 000				1 800 000
Sum kostnad	2 430 000	2 430 000				4 860 000

Prosjektet går over fire år.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Ekstern finansiering	130 000	130 000				260 000
Kommunane	1 450 000	1 450 000				2 900 000
Sogn regionråd	300 000	300 000				600 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	550 000	550 000				1 100 000
Sum finansiering	2 430 000	2 430 000				4 860 000

Søknaden gjeld delfinansiering av prosjektet for år 2020, samt grunnlag for finansiering i åra 2021, 2022 og 2023.

Vurdering

Mange kommunar i distrikta slit med fråflytting og befolkningsnedgang. Dette er krevjande då det påverkar kommuneøkonomien negativt, og gjer at det vert vanskelig å oppretthalde eit godt tenestetilbod for innbyggjarane. Dei siste åra har mykje av befolkningsnedgangen vorte bremsa av busetjing av flyktningar og arbeidsinnvandring. Problemet er at mange av desse ikkje vert verande i regionen på sikt.

Prosjektet som vert presentert her tek ein brei framgangsmåte for å svare på desse spørsmåla. Dei vil gjennom fem tematiske arbeidspakkar auke bustadattraktiviteten til kommunane og på denne måten auke andelen av flyktningar og innvandrar som vert buande i Sogn.

Dette er ei viktig problemstilling som vi meiner er aktuell for alle distriktskommunar. Det er særleg interessant med den arbeidspakke som går på etablerarkurs og føredrag for auka entreprenørskap retta mot denne målgruppa. Men vi ser og at prosjektet vil kunne gi positive effektar for samfunnet som heilheit.

Konklusjon

Vi meiner at prosjektet er godt og at det tek tak i problemstillingar som er viktige for mange distriktskommunar. Fylkesdirektøren tilrår å løyve 400 000 kr. til gjennomføring av det første av dei fire planlagde åra. Frå 2020 vert fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane slegne saman og i den nye organisasjonen vert ansvaret for integrering lagt til Avdeling for kultur, idrett og inkludering. Søkar bør difor kome attende med søknad til ei passande støtteordning når dette er på plass.

7. Rekrutteringsprosjekt - Aksello

(Sakshandsamar: Adrian Husabø Bjørseth)

Bakgrunn

Aksello AS søker om 400 000 kr. til eit prosjekt som skal gi bedrifter på kysten av Sogn og Fjordane nyttige verktøy som dei kan nytte i sitt rekrutteringsarbeid. Hovudprodukta til prosjektet skal vere ein film som lokale bedrifter kan nytte samt ein «startpakke» for tilflyttarar.

Historikk:

Aksello (tidligere Fram Flora AS) har dei siste åra fått innvilga søknadar til ulike prosjekt. Under ligg ei liste over innvilga søknadar.

År	Tittel	Søker	Innvilget
2019	Inkubatortilbodet 2019-20	Aksello AS	1 500 000
2018	Støtte til FoU-fasilitering, havbruk mm.	Aksello AS	350 000
2017	Søknad om støtte til inkubatorverksemda i Aksello 2017-18	Aksello AS	900 000
2015	Søknad om finansiering av næringsretta prosjekt	Fram Flora AS	1 500 000
2014	Utviklingsprosess for auka verdiskaping, Fram Flora 2014	Fram Flora AS	600 000
2014	Søknad om driftstøtte til innovasjonsklynge	Fram Flora AS	500 000
2013	Søknad om midlar til Industriinkubator	Fram Flora AS	860 000
2012	Industriprosjektet Flora/Industriinkubatoren	Fram Flora	1 000 000
2012	Subsea bachelorutdanning - forprosjekt	Fram Flora	500 000
2011	Subsea bachelorprogram Flora	Fram Flora	575 000
2011	Maritimt nettverk: Industriinkubatoren i Florø	Fram Flora	250 000

Nærare omtale

Bakgrunn for søknaden

Aksello har fått innspel frå lokalt næringsliv i Flora og frå Flora Industri- og næringsforeining om at det i mange tilfelle er vanskeleg for bedriftene å rekruttere riktig kompetanse. Søkjar meiner at dette skuldast at ein ikkje i stor nok grad når fram med marknadsføringa av regionen og at ein dermed ikkje får formidla kva kvaliteter kommunen og området kan tilby.

Prosjektet tar sikte på å levere to hovudprodukt; ein profileringsfilm som skal få fram fleire positive sider ved Flora kommune, og ein startpakke som skal samle relevante tilbod på ein plass sånn at tilflyttarar lettare finn seg til rette i kommunen.

Prosjektet skal gjennomførast over eitt år, og har som hovudmål å auke talet som flyttar til regionen med 150 over ein treårsperiode. Kostnadsramma er på 1,15 mill. kr. og det er Aksello som skal vere prosjektleiar og fagleg ansvarleg. Det vil bli henta inn ekstern kompetanse på det filmtekniske. Finansieringa kjem mellom anna frå lokalt næringsliv, Flora kommune sitt næringsfond samt noko eige arbeid, i tillegg til omsøkt beløp frå fylkeskommunen.

Aktivitetar

- HA1: Kartlegge bedriftenes behov - Ein vil i denne delen utvikle og gjennomføre intervju med relevante bedrifter for å finne ut kva behov dei har og korleis prosjektet kan sikre at dei treff riktig målgruppe. Spørsmål ein vil få svar på er til kva verktøy bedriftene treng, kva strategi har de for rekrutteringsarbeidet og kva arbeidskraft er det utfordrande å få tak i. Resultata frå kartlegginga vil danne grunnlag for marknadsføringsfilmen.
- HA2: Kartlegge tilflyttaranes behov - Her vil ein kartlegge kva som tiltrekk tilflyttarar sånn at ein veit kva ein bør marknadsføre. Arbeidet vil bestå av å kartlegge målgrupper, lage intervju, gjennomføre intervju samt presentere resultata.
- HA3: Produsere marknadsføringsfilm – Filmen skal produserast for å tiltrekk dei rette kandidatane til Florø, ved å vise kva moglegheiter tilflyttar har i Florø. Filmen skal nyttast av verksemdar i sitt rekrutteringsarbeid både nasjonalt og internasjonalt.
- HA4: Utvikle «Startpakke» - Ein ynskjer, som eit resultat av prosjektet, å utvikle ei startpakke som inneheld all den informasjonen som tilflyttarar treng for å finne seg til rette i Florø.

Søkar skriv at målet med å utvikle dei to produkta, som prosjektet tar sikte på å produsere, er minst 150 nye tilflyttarar til Flora kommune dei neste 3 åra.

Oppdragsgjevar er opplyst å vere Flora Industri- og Næringsforeining, medan prosjektansvarleg er Aksello AS. Prosjektleiar er Lone Bareksten.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigeninnsats næringslivet	125 000	125 000				250 000
Produsere film	100 000	100 000				200 000
Reise og andre utgifter	36 250	36 250				72 500
Timar eksternt kjøp	100 000	100 000				200 000
Timar internt Aksello	213 750	213 750				427 500
Sum kostnad	575 000	575 000				1 150 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eige arbeid	50 000	50 000				100 000
FIN	50 000	50 000				100 000
Flora Kommune KNF	100 000	100 000				200 000
Næringlivet	175 000	175 000				350 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	200 000	200 000				400 000
Sum finansiering	575 000	575 000				1 150 000

Vurdering

Det å ha god tilgang på relevant kompetanse er viktig for alle bedrifter. Denne problemstillinga er likevel ekstra aktuell i distrikta kor befolkningsgrunnlaget er lågare, noko som gjer at det skal meir til for å finne personar med riktig kompetanse til riktig tid. Dette krev at bedriftene sjølve i større grad må ta ei aktiv rolle for å sørge for at dei har tilgang til den kompetansen dei treng. Dette kan skje på fleire måtar, noko avhengig av kva kompetanse ein etterspør. Nokon aktuelle tiltak kan vere marknadsføring av området, utarbeiding av arbeidspakkar (t.d. jobb for to) finansiering av relevant utdanningsprogram, intern opplæring osv. Felles for alle tilnærmingane er at dei krev aktivt og strategisk arbeid over tid. Då ein ikkje kan rekne med at kompetansen står klar når ein treng den.

Søknaden presenterer her eit løysingsforslag med to element; ein reklamefilm om Florø og ein startpakke som skal gjere at tilflyttarar finn seg betre til rette i kommunen etter at dei har flytta dit. Målet med prosjektet er at det skal flytte minst 150 nye tilflyttarar til Florø kommune som resultat av prosjektet. Vi meiner dette målet er noko høgt og at ein manglar grunngeving eller sannsynleggjing av kvifor ein trur ein skal nå målet.

I finansieringsplanen ligg det, i tillegg til ein del eigeninnsats frå næringslivet og tilskot frå andre aktørar, inne eit tilskot frå Flora kommune sitt kommunale næringsfond. Tildelinga til det kommunale næringsfondet til Flora kommune kjem og frå fylkeskommunen. Dette er å rekne som samfinansiering og er omtalt i retningslinene for tildelinga til dei kommunale næringsfonda med følgjande ordlyd:

Det kan berre i heilt spesielle tilfelle vere finansiering av eit prosjekt både frå fylkeskommunen, eller andre organisasjonar der midlane opprinneleg kjem frå fylkeskommunen, og kommunale næringsfond, såkalla samfinansiering. Dersom det skal gjerast unnatak må støtta ha utløyssande effekt for prosjektet, og det må vere prosjekt med regional effekt. Unnatak skal avklarast mellom fylkeskommunen og kommunane på førehand.

Det er altså berre i heilt spesielle tilfelle der ein kan syne til stor regional effekt og ein har avklart finansieringa på førehand. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort i dette tilfellet. Då vi meiner at prosjektet ikkje kan syne til stor regional effekt meiner vi at prosjektet ikkje oppfyller krava som er stilt for å avvike frå samfinansieringsprinsippet.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at søknad om medfinansiering av rekrutteringsprosjektet vert avslått.

8. Utviklingsprosjekt Øyraplussen 14 AS (villakssenter og kunstmuseum)

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

Bakgrunn

Lærdal Næringsutvikling AS og Øyraplussen 14 AS søkjer om 500 000 kr til å utvikle utstillingar og innhald i Villakssenteret til å bli ein internasjonalt konkurransedyktig attraksjon.

Historikk

Fylkeskommunen har ikkje tidlegare støtta Lærdal Næringsutvikling AS direkte. Men vi har støtta omstillingsarbeid i Lærdal, med støtte tildelt til kommunen.

Nærare omtale

Lærdal kommune har oppretta selskapet Øyraplussen 14 AS som har teke over eigarskapen til bygget som husar Norsk Villakssenter, Sogn Kunstmuseum, Lærdal kulturhus, Lærdal musikkproduksjon AS og Laxen restaurant.

Kommunen har oppretta eit eigedomsselskap med ansvar for forvaltning, drift og utvikling av bygget villakssenteret er ein del av. I dag eig Lærdal kommune 100 % av dette selskapet.

Lærdal Næringsutvikling ved dagleg leiar Aleksander Heen er konstituert som dagleg leiar i Øyraplassen 14. I regi av omstillingsprogrammet for Lærdal er det utarbeidd eit utviklingsprosjekt for bygget. Det er også skrivi intensjonsavtale med Flåm AS for å utvikle eit produkt Flåm AS kan selje til kundane sine og slik spreie turiststraumen i Flåm til større delar av Sogn, i dette prosjektet til Lærdal. Dette skal vere eit tiltak for å auke verdiskapinga i reiselivet.

Det omsøkte prosjektet er eit forprosjekt. Forprosjektet skal gi konkrete framlegg til utstillingar, formidlingsverktøy, samt justeringar og tilpassingar av bygg og uteområde innanfor ein arkitektonisk heilskap.

Staten held på å stifte Nasjonalt Villakssenter der villakssenteret i Lærdal er ein av fire einingar. Senteret i Lærdal vart opna i 1996 og treng å utvikle produktet og gi nytt liv til utstillingar og formidlingsaktivitet. Det er også behov for ei felles plattform for formidling av informasjon gjennom Nasjonalt Villakssenter.

Prosjektet skal få fram idear og innspel til korleis dette kan løysast, utan å vere låst av noverande arealdisponering og bygningskropp. Dette blir gjort gjennom ein arkitektkonkurranse.

Føringar i prosjektet er at i høve utstillingar og formidling av kunnskap om villaksen er det ynskjeleg at delar av det som vert bygd opp i Lærdal også kan nyttast på dei tre andre einingane i Nasjonalt Villakssenter. Dette gjeld særleg livet til laksen, livssyklus, eigenskapar, statusen for dei ville lakestammene i Noreg med vidare. I tillegg er det eit krav om at kultur/kinosalen skal fungere som eit kommunalt kulturhus og kinosal.

Dersom forprosjektet går vidare til hovudprosjekt er det planar om at oppgradert Villakssenter skal vere klart til opning for sesongen 2021. Det skal vere eit opplevingssenter som kan handtere 70 000 besøkande årleg, inntil 1 000 besøkande om dagen, samt kunne servere mat til 200 gjester, huse butikkar og kunne ta i mot 10 bussar om gongen.

Økonomi

Budsjettpost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Arkitektkonkurranse	350 000	350 000				700 000
Eige arbeid - prosjektleiing og gjennomføring	50 000	50 000				100 000
SUM kostnader	400 000	400 000				800 000

Finansieringspost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	500 000					500 000
Tilskot Nærings- og konsesjonsavgiftsfondet Lærdal	100 000					100 000
Flåm AS	100 000					100 000
Øyraplassen 14 AS	100 000					100 000
SUM finansiering	800 000					800 000

Vurdering

Det er svært positivt at ein ynskjer å fornye Villakssenteret i Lærdal i samband med at det skal bli ein del av ei nasjonal satsing på villakssenter. At ein også har skrivi intensjonsavtale med Flåm AS for å jobbe for auka besøkstal, samt fleire opplevingstilbod til besøkande til regionen og Flåm spesielt er også positivt.

Prosjektet det er søkt midlar til er ein arkitekturkonkurranse. Prosjektet omhandlar ein bygningsmasse som skal huse Villakssenteret, kinosal og kulturhus i tillegg til kafe/restaurant og butikkar. Dette er utanfor satsingsområda i Verdiskapingsplanen.

Sjølv om eit oppdatert Villakssenter vil gi ei ny oppleving til besøkande i området er det framleis uklart kva dette endar opp som. Slik prosjektet er presentert no vil dette bli ei oppgradering av eksisterande areal, der den regionale verkanden er svært usikker. Først og fremst er prosjektet ei utbetring og fornying av areal for nokre få bedrifter.

For fylkeskommunen er det også viktig at miljøprofil og berekraftig drift er vurdert eller sett krav til i ein søknad. Dette står det heller ikkje noko om i søknaden. Dette er noko ein gjerne skulle sett det var krav om når ein skal setje i gong ein arkitektkonkurranse. Vidare er det også uklart kva andre krav som er sett til konkurransen, anna enn at det skal huse kinosal, kulturhus, kafe/restaurant og villakssenteret.

Tilråding

Fylkesdirektør rår hovudutval for næring og kultur til å gi avslag på søknad om midlar til utviklingsprosjekt Øyraplassen 14 (villakssenter og kunstutstilling).

9. Prosjektsøknad frå Strukturplast AS om tilskot til forprosjekt «NCMT – Norwegian Center for Material Technology».

(Sakshandsamar: Lars Hustveit)

Bakgrunn

Sogn og Fjordane har avanserte material-teknologi bedrifter innan plast og kompositt. Brødrene Aa AS og Strukturplast AS, begge lokalisert i Gloppen, er to representantar for dette miljøet. Dei to er sentrale aktørar bak initiativet. Strukturplast AS v/Vetle Andre Krohn-Olsen Ottersen er formell søkjar. Dei ønskjer å utvikle føresetnader for å bli tekne opp i det nasjonale klyngeprogrammet administrert av Innovasjon Norge.

Nærare omtale av søknaden

Overordna mål er å skape ei verdslieande klynge innan material-, prosess og produktutvikling.

Søknaden har som mål å legge grunnlaget for og å utarbeide ein Arena-søknad i 2020.

Følgjande aktivitetar er lista opp:

- Hente inn kunnskap og fakta
- Mobilisering og forankring
- Utforming av søknad

Ni aktørar har så langt stilt seg bak initiativet; Bergen Carbon Solutions, Brødrene Aa, Firda vgs, Fireco, Gloppen kommune, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Kongsberg Defence & Aerospace, Lindberg og Lund, Paradis Nautica, Rempro, Selstad og Strukturplast. Aktørane er omtala nærare i søknaden. Firda vgs har mellom anna vaksenopplæringstilbod innan plast og kompositt.

Det er oppretta ei styringsgruppe med Vetle Ottersen, strukturplast AS som leiar og med Hilde Grinde i Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane som administrativ leiar.

Målgruppene for arbeidet er:

- Bedrifter innan polymer- og komposittbransjen nasjonalt og internasjonalt
- Bedrifter nasjonalt og internasjonalt som utviklar materialar som kan samanstillast med polymer- og komposittmaterialar
- Akademia (HVL, NTNU, SINTEF)

Målet er minst 20 forpliktande bedriftsavtalar. Arbeidet med søknaden skal bidra til kontakt med, kunnskap om og samarbeid med andre klynger nasjonalt og internasjonalt.

Gjennom å få status som arena-klynge ønskjer bedriftene i miljøet å styrke si konkurransevne og å setje fokus på miljøgevinstar.

Kalkylen er spesifisert i eige vedlegg. Hovudpostane er:

Arbeidspakke 1 Hente inn kunnskap og fakta	kr	147 000
Arbeidspakke 2 Mobilisering og forankring	kr	180 600
Arbeidspakke 3 Utforming av søknad	kr	262 500
Prosjektleiing	kr	232 500
Sum:	kr	822 600

Finansieringsplan:

Eigeninnsats frå NCMT-bedrifter	kr	298 500
Strukturplast AS	kr	114 100
Fylkeskommunen	kr	410.000
Sum:	kr	822 600

Vurdering

I verdiskapingsplanen (rullert i juni 2018) har fylkeskommunen prioritert utvikling av lokale innovative miljø (kap. 3.8.2 Innovasjonsnettverk). Underforstått handlar dette om innovative miljø som kan syne til at dei har konkurransekraft som kan utviklast vidare. Fylkespartnerskapen i næringsforum prioriterer innsats retta inn mot lokale innovasjonsnettverk høgt som del av sitt arbeid. Næringsforum har konstatert at fylket ikkje lukkast godt i å få del av nasjonal finansiering av klynger og test- og demonstrasjonsinfrastruktur («katapultar»). Hydrogenklynga er eit gledeleg unnatak. Ei klynge innan plast og kompositt med utgangspunkt i bedrifter i Gloppen, kan vere ein realistisk ny ambisjon. Miljøet har etter råd både frå fylkeskommunen og Innovasjon Norge lokalt gjennomført tilbodet «tidlegfase nettverk» med fagleg hjelp frå Innovasjon Norge sine klyngerådsgjevarar. Her er det identifisert forbetringsspunkt som ligg til grunn for denne søknaden.

Søknaden er drøfta med Innovasjon Norge (Sogndalkontoret). Vi ser NCMT som ein kandidat til klyngeprogrammet. NCMT innser at dei har ein veg å gå for å nå opp i konkurransen for å få status som Arena-klynge. Innovasjon Norge ønskjer å medverke til at NCMT utviklar seg som nettverk; inklusiv at miljøet prøver å kvalifisere seg til opptak i klyngeprogrammet.

NCMT søkjer også Innovasjon Norge om delfinansiering for å utvikle nettverket. Innhaldet i søknaden stila til fylkeskommunen er godt tilpassa det vi kan finansiere utan å overlape aktivitetar som det er naturleg at Innovasjon Norge finansierer. Søknaden til Innovasjon Norge vil vere retta mot vidareutvikling av det nettverket som alt eksisterer, medan søknaden denne saka handlar om, gjeld vidareutvikling for å bli komplett nok som klynge-kandidat.

Ein stor del av eigeninnsatsen er arbeidstimar frå bedriftsmiljøet. Søkjar legg opp til å bruke store eksterne ressursar til å skrive søknad. Det er viktig å sikre at bedriftsmiljøet er tett på og opparbeider eit eigarforhold til søknaden. Vi har i arbeidet med søknaden gjort dette klart i høve Kunnskapsparken som skal ta prosjektleiarrolla. Ein søknad om klynge-status vil ikkje lukkast utan slikt tydeleg eigarskap.

Fylkesdirektøren vurderer plast- og komposittmiljøet med utgangspunkt i bedrifter i Gloppen som eit sterkt miljø som kan vidareutvikle seg gjennom klyngeprogrammet. Uansett om ein når opp i konkurransen om klyngestatus eller ikkje, så vil arbeidet kunne legge grunnlag for eit tettare bedriftssamarbeid. Fylkesdirektøren merker seg også at søkjar ser at plast har eit omdømmeproblem og at ein ønskjer å ta denne utfordringa på alvor.

Ut frå dette stiller fylkesdirektøren seg positiv til søknaden. Eit tilskot må løyvast etter reglane om bagatellstøtte. Vilkår om dette må formulerast i eit tilsegnsbrev der søkjar får ansvar for å følgje opp føresetnadene knytt til slik støtte.

Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår delfinansiering av forprosjekt «NCMT – Norwegian Center for Material Technology» til Strukturplast AS med kr 410.000 og avgrensa til 50% av dokumenterte kostnader.

10.Profil og merkevarebygging av Sogn

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

Bakgrunn

Sogn Regionråd søkjer 500 000 kr til å utarbeide profil- og merkevare for Sogn, etter vedtak i Sogn regionråd 14. juni 2019.

Historikk

Fylkeskommunen har tidlegare støtta Sogn Regionråd slik:

- 500 000 kr – Regionrådsavtale Sogn 2019
- 500 000 kr – Regionrådsavtale Sogn 2018
- 500 000 kr – Regionrådsavtale Sogn 2017

Nærare omtale

Sogn har ein sterk felles identitet i dag og regionen arbeidar godt saman. Prosjektet skal styrke Sogn som region. Sogn regionråd vedtok i juni 2019 å starte arbeidet med felles profil- og merkevareprosjekt for Sogn.

Næringsmedarbeidarane i Sogn Regionråd har fått tilbakemeldingar frå næringslivet over tid om at attraktivitet og merkevara til bu-regionen er viktig for at ledige stillingar i arbeidslivet skal bli oppfatta som attraktive. Det er difor sett i gong eit arbeid med å bygge opp merkevara Sogn.

Målet er å utvikle ein profil og merkevare som skal vere eit verktøy for næringsliv, kommunar og andre som vil bygge regionen.

Det ein søker midlar til er å få på plass ein grafisk profil og ein tydeleg definisjon av merkevara Sogn. I etterkant av dette prosjektet vil jobben vere å fylle merkevara med innhald.

Økonomi

Budsjettpost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eksternt tenestekjøp design og prosessleing	50 000	450 000				500 000
Profilmateriell/nettside/innhaldsproduksjon		500 000				500 000
Prosjektleing	50 000	250 000				300 000
SUM kostnader	100 000	1 200 000				1 300 000

Finansieringspost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	500 000					500 000
Tilskot gåve bank	300 000					300 000
Visit Sognefjord	100 000					100 000
Midlar frå kommunane og Sogn Regionråd	400 000					400 000
SUM finansiering	1 300 000					1 300 000

Vurdering

Det er positivt at Sogn Regionråd set i gong med dette arbeidet då kommunane og næringslivet i regionen har gitt tilbakemeldingar om at dette er ynskjeleg. Søknaden er i utgangspunktet ikkje innanfor satsingsområda i Verdiskapingsplanen, den er også noko tynn. Det ein søker midlar om er å skape ein grafisk profil og midlar til å kunne definere merkevara Sogn. Sjølve arbeidet med å gjere merkevara Sogn kjent er neste stadiet i prosjektet.

Fylkeskommunen har tidlegare støtta Framtidsfylket med midlar til profilering av heile Sogn og Fjordane. Det er difor vanskeleg å sjå kvifor vi også skal støtte profilering av Sogn då dette er eit mindre geografisk område, samt er ein del av profileringa av Sogn og Fjordane.

Tilråding

Fylkesdirektør rår hovudutval for næring og kultur til å gi avslag på søknad om midlar til prosjektet «Profil og merkevarebygging av Sogn».

11. Prosjektsøknad frå Aksello AS om «Globalisering av næringslivet»

(Sakshandsamar: Lars Hustveit)

Bakgrunn

SMB-segmentet nyttar internasjonale marknadsmulegheiter i for lita grad. Aksello AS ønskjer å hjelpe lokale verksemder i internasjonaliseringsprosessar og å bli meir internasjonale sjølve.

Nærare omtale av søknaden

Søknaden inneheld tre delprosjekt:

1. Ein samarbeidsavtale med Norec (tidlegare Fredskorpset) om utveksling av personell i næringslivet. Utvekslinga kan også inkludere inkubatorverksemda i Aksello AS. Målet er 10 utvekslingar av personell oppstarta innan 2020.
2. Eit samarbeid med Tanzania eller Ghana (inkl Norad og/eller Innovasjon Norge) om å etablere strategisk samarbeid med ein afrikansk inkubator.
3. Utvikle samarbeidsrelasjonar i Portugal med føremål å dra nytte av EØS-midlane. Målet er samarbeid mellom minst to vestlandske bedrifter og partnerar i Portugal

Aksello AS skal vere prosjekteigar og seniorrådgjevar Arne Olsen prosjektleiar.

Kalkylen for dei tre delprosjekta er kr 1.370.000 med kr. 300.000 på delprosjekt 1, kr. 450.000 på delprosjekt 2, kr. 220.000 på delprosjekt 3 og kr. 400.000 uspesifisert som eigeninnsats frå deltakarbedrifter

Det vert søkt tilskot frå fylkeskommunen på kr 580.000 fordelt med kr 150.000 i 2019 og kr 430.000 i 2020. I tillegg er det føresett kr 100.000 frå Flora industri- og næringsforeining, kr 90.000 frå Norec og kr 100.000 frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane.

Vurdering

Fylkeskommunen ser positivt på aktivitet for å legge til rette for internasjonalisering i næringslivet. Denne søknaden er vag og inneheld 3 komponentar (delprosjekt) utan klar indre samanheng og utan at søkjar synleggjer interesserte bedrifter. Fylkeskommunen og partnerskapen har heller ikkje ei konkret satsing på Portugal eller Afrikanske land som prosjektet kan forankrast i.

Det er ikkje godtgjort at det kjem konkrete resultat ut av prosjektet. Sidan aktiviteten heller ikkje tydeleg støttar opp under prioritert innsats i verdiskapingsplanen, er det vår vurdering at konkrete bedriftsutviklingsprosjekt søkt delfinansiert gjennom Innovasjon Norge er vegen å gå for Aksello.

Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår avslag på søknaden

12. Hovudprosjektet Havbruk

(Sakshandsamar: Lena Merete Sørderholm)

Bakgrunn

Søklar: Aksello AS

Totalsum prosjekt: 8 500 000

Søknadssum: kr. 700 000 i denne søknaden (midlar til nærings- og samf. utv). + søkt Marint Verdiskapingsfond. Totalt kr. 1 200 000 fordelt på to søkbare fylkeskommunale postar

Aksello AS søker her om støtte til gjennomføring av eit hovudprosjekt som skal gå over tre år. Planlagt oppstart er 2020. Dette hovudprosjektet som er søkt finansiert skal bygge på eit forprosjekt som starta denne hausten og som vil vere ferdig til nyttår. Plan for forprosjektet er lagt ved søknaden, men det er ikkje opplyst noko om resultatata i forprosjektet så langt ein har kome til no. Sidan hovudaktivitetar i hovudprosjektet skal avklarast i forprosjektfasen som no går føre seg, inneheld søknaden ikkje konkrete og målbare mål for hovudprosjekt.

Det langsiktige målet med hovudprosjektet er å skape eit tyngdepunkt mellom Bergen og Ålesund for havbruk og danne synergjar mellom ulike næringsaktørar.

Søknaden er nær identisk med søknaden som vart sendt til Marint verdiskapingsfond - 2. utlysing 2019. Unnataket er at i denne søknaden er summen i finansieringsplanen for Marint verdiskapingsfond redusert med kr. 400 000 medan summen til Nærings- og samfunnsmidlar er auka med same beløp, men total fordring til fylkeskommunen er 1,2 mill. i begge søknadane.

Kostnadsplan (x1000)

Aktivitet	2020	2021	2022	Sum
Eige arbeid	650	650	700	2000
Konsulentar	500	500	500	1500
Org. av kurs, seminar, konferansar	100	100	100	300
Prosjektleiing	1150	1150	1200	3500
Reiser, møter, marknadsføring	150	100	150	400
Såkorbidrag til pilotprosjekt	250	300	250	800
Sum kostnad	2 800	2 800	2 900	8 500

Finansieringsplan (x1000)

Kjelde	2020	2021	2022	Sum
Eige arbeid	650	650	700	2000

Flora kommune	1000	1000	1000	3000
Marint Verdskapsfond	150	150	200	500
Sparebankstiftinga S&F	350	350	400	1100
Tilskot frå næringslivet	400	400	400	1200
Nærings- og samf. utvikl.	250	250	200	700
Sum finansiering	2 800	2 800	2 900	8 500

Vurdering

Som søkjar sjølv peikar på, er det lite gunstig å søkje finansiering til eit prosjekt der ein ennå ikkje har formulert innhaldet. Søknaden står difor fram som veldig generell og umoden og det er ikkje mogleg å ta stilling til innhaldet ved evaluering av kvaliteten. I søknaden er det er lista opp ei rekke moglege aktivitetar. Sidan søknaden inneheld svært lite konkrete tiltak, er det vanskeleg å vurdere relevansen.

Flora kommune har gjeve positive signal i høve til den budsjetterte summen, medan det står i søknaden at Sparebankstiftinga har gjeve tilsegn om noko, som søkjar reknar med vil auke når hovudprosjektet er klart. Det ser ut til at finansieringsplanen so langt berre er ein plan, og pr. i dag lite forankra hjå dei ulike partane.

Søkjar bør slutføre forprosjektet, og eventuelt komme tilbake med ny søknad om hovudprosjekt dersom det vert aktuelt, og dersom Vestland fylke har finansieringsordningar som vil passe i høve til hovudprosjektet sitt innhald.

Oppsummering og konklusjon

Søknaden er svært generell og manglar forankring av både innhald og finansiering av eit hovudprosjekt. Fylkeskommunen kan ikkje gå inn med finansiering i hovudprosjektet før ein plan med konkret innhald for dette er ferdigstilt.

Vedtak

Fylkesdirektøren tilrår avslag på søknaden om økonomisk støtte til «hovudprosjekt Havbruk» frå Aksello AS.

13. Mediefondet Zefyr 2020

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

Bakrunn

Mediefondet Zefyr AS (heretter Zefyr), eit fond for audiovisuell produksjon på Vestlandet, søker om 400 000 kr i driftsstøtte for 2020. Fondet finansierer filmar, seriar og dataspill på Vestlandet og Sørlandet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt støtte til filmselskap i fylket sidan 2009. Dei siste åra har fylket gitt slik driftsstøtte til filmselskap:

År/selskap	2016	2017	2018
Vestnorsk filmsenter	100 000	100 000	100 000
Vestnorsk filmkommisjon	300 000	300 000	300 000
Mediefondet Zefyr AS	200 000	205 000	210 000

Nærare omtale

Zefyr er det samla filmfondet for Vestlandet og Sørlandet. Selskapet finansierer audiovisuelle produksjonar, primært langfilm for kino, dokumentar- og fiksjonsseriar for TV samt dataspill og VR-produksjonar, med det siktemål at produksjonane skal bidra til å styrke regionen sitt audiovisuelle produksjonsmiljø.

Konkrete tiltak i Sogn og Fjordane vil vere:

- Pådrivar for å løfte film-, tv- og dataspillbransjen
- Filminnspelningar og regional omsetnad, der det er mogleg
- Lokale produksjonsselskap får tilgang til Zefyr sine investeringsmidlar
- Rådgeving til oppdragsgjevar om aktuelle prosjekt og filmpolitiske spørsmål

Zefyr mottok årleg om lag 10 millionar kronar av Kulturdepartementet (KUD) til produksjonar.

Tilskotet føreset:

- At Zefyr kan matche tilskotet
- At prosjektmidlane går uavkorta til prosjekt
- Deltaking frå Sogn og Fjordane, og dei seks andre deltakande fylka

I tillegg har fondet 45 millionar kroner i privat kapital til produksjonar. Målingar utført av Zefyr mellom 2016-2018 viser at for kvar krone Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvet Zefyr i denne perioden, vart det utløyst over 20 kroner i regional omsetnad.

Effekten av arbeidet til Zefyr skal vere lokal bransjebygging og næringsutvikling som har ringverknader for andre bransjar, som igjen vil skape nye arbeidsplassar og oppmuntre til at talentfulle bransjeaktørar vert verande i fylket.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020
Andre kostnader	2 150 000	2 472 250 (opp 14%)
Lønn- og personalkostnader	3 494 000	3 777 750 (opp 8%)
Sum kostnad	5 644 000	6 250 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020
Tilskot Vest- og Aust Agder, Arendal og Kristiansand	662 000	800 000 (opp 21%)
Provisjonsinntekter og anna driftsrelatert inntekt	300 000	50 000 (ned 83%)
Tilskot frå Rogaland fylkeskommune	1 822 000	2 000 000 (opp 10%)
Tilskot frå Telemark fylkeskommune	294 000	500 000 (opp 70%)
Tilskot frå Bergen kommune	1 056 000	1 200 000 (opp 14%)
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune	800 000	800 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	500 000	500 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling	210 000	400 000 (opp 90%)
Sum finansiering	5 644 000	6 250 000

Omsøkt beløp frå Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjorde 3,7% av totalbudsjettet i 2019 og 6,4% av totalbudsjettet i 2020.

Totalt sett for Vestland fylke (Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune) er omsøkt beløp på storleik med Rogaland fylkeskommune, viss ein justerer for folketal og bransjestorleik.

Rogaland fylkeskommune og Bergen kommune gir dei høgste bidraga. Desse to er hovudaksjonærer i selskapet, og eig 56,53% (Bergen kommune) og 43,47% (Rogaland fylkeskommune) kvar.

Provisjonsinntektene har gått kraftig ned fordi midlar frå filmfondet vert gjeve som reine tilskot, der dei tidlegare vart gjeve som «mjuke lån».

Eit veksande fond har tiltrekt seg fleire førespurnader. For å sikre ein forsvarleg forvaltning av midlane har driftskostnadane auka. Samtidig har omlegginga av statstilskotet resultert i eit aukande behov for administrative ressursar i selskapet. Derfor meiner Zefyr det er behov for å auke driftsinntektene i selskapet gjennom tilskot frå eigarar og samarbeidspartnarar.

Vurderingar og konsekvensar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom fleire år støtta Zefyr. Som støttegjevar til filmfondet aukar sjansen for nye innspelningar i Sogn og Fjordane og fylket vil framleis ha tilgang til filmkompetanse. Produksjonar som TV-seriar, film, dokumentarar og liknande skapar direkte verdiar i form av handel, omsetnad og aktivitet på den fysiske staden. Sluttproduktet vert ein god ambassadør for staden. Dette kan bidra til å fremme kultur, natur og reisemål i fylket.

Storleiken på overføringa frå KUD er avhengig av bidrag frå fylka som er ein del av fondet. Posisjonen til Vest- og Sørlandet vert styrka i forhandlingar med norske og internasjonale produsentar som vurderer å flytte filmprosjekta sine hit, når eit stort fylkessamarbeid står samla bak filmfondet.

Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vart vedteken i fylkestinget 19. oktober 2018. Den 4. desember vedtok fylkestinget handlingsprogram 2019-2022 til kulturplanen. Når det gjeld kino og film, har fylkeskommunen forplikta seg til å «Styrkje vilkåra for å produsere film i fylket (m.a. ved å vidareføre og auke satsinga på Vestnorsk filmsenter og filmfondet Zefyr, stipend og utviklingsmidlar)». Ansvar er lagt til kommunane, fylkeskommunen og Vestnorsk filmsenter.

Zefyr ønskjer å invitere Vestland fylkeskommune inn på eigarsida. Det kan bidra til å forklare den kraftige auken i omsøkt beløp frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Med omsøkt beløp vil Vestland fylke sin innsats, 1 200 000 kr ligge på same nivå som Bergen kommune. Bergen kommune er hovudeigar i dag. Dette må ein betrakte som ein uavhengig prosess og kan ikkje påverke utfallet av denne søknaden.

Eit veksande fond er ei positiv utvikling for Zefyr. Søknaden om dobling av tilskotet samanlikna med i fjor, er grunngeve med at forvaltingsoppgåvene er meir ressurskrevjande no enn før. Når det er snakk om ei slik vekst, kan ein stille spørsmål til om tilskotet har den utløysande effekten det er meint å ha.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune står overfor store innsparingskrav når budsjettet for Vestland fylke skal på plass. Dette er derfor ikkje rett tidspunkt for fylkeskommunen å nær doble tilskotet til filmfondet. Vi ønskjer å vidareføre støtta til Zefyr, men kan ikkje innfri det totale omsøkte beløpet i år.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Mediefondet Zefyr AS med 215 000 kr. i driftsstøtte for 2020.

14. Berekraftig campingnæring i Sogn og Fjordane

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

Bakgrunn

Nasjonal klynge for campingnæringen søker om 240 000 kr til eit nasjonalt og regionalt utviklingsprosjekt for campingnæringa som skal bidra til auka regional verdiskaping, eit meir berekraftig reiseliv, attraktive reisemål og auka sysselsetting.

Historikk

Fylkeskommunen har ikkje tidlegare støtta Nasjonal klynge for campingnæringen. Nettverksprosjektet starta som bedriftsnettverk gjennom Innovasjon Norge si nettverkssatsing. 2016 var siste året det var muleg å få prosjektmidlar frå Innovasjon Norge. Næringa sjølv ynskjer å halde fram prosjektet. Tidlegare har dei fått tilskot frå andre fylkeskommunar, NHO reiseliv og medlemsbedriftene.

Nærare omtale

Utviklingsnettverket Nasjonal klynge for campingnæringen består av 49 bedrifter frå store delar av landet der seks av bedriftene er frå Sogn og Fjordane. Prosjektet har bidrege til kompetanseheving og eit løft for campingnæringa. Det er stort fokus på berekraft.

Prosjektet har som mål at det skal vere eit av bidraga frå reiselivet til det grønne skiftet.

Dei søker no midlar til å gjennomføre oppgåver knytt til kompetanseheving og regional utvikling av næringa gjennom samarbeid med andre. Prosjektet har fokus på oppgåver som kompetanseheving, digitalisering, kundereisa og samarbeid med landbruksnæringa om lokale opplevingar og lokal mat.

Prosjektet gir god regional utvikling for campingnæringa og bidreg med positive ringverknadar for regionalt næringsliv. Prosjektet skapar regionale møteplassar for erfaringsutveksling og ein arena for kompetanseheving. Gjennom deltaking i nettverket får bedriftene kunnskap til å gjennomføre tiltak som kan heve bransjen sin attraktivitet regionalt. Prosjektet er i kompetansefremmande på campingnæringa. Det betyr at tiltak som blir gjennomført skal bidra til auka kunnskap. Prosjektet vil gi god utvikling for den enkelte deltakarbedrift og eit fungerande nasjonal nettverk bidreg til erfaringsutveksling og læring mellom bedriftene i ulike landsdelar.

Dei ynskjer å oppmuntre til auka samarbeid med lokale og regionale aktørar innanfor aktivitetar, opplevingar, servering, kultur, handel og tenestetilbydarar elles. Dette vil ha ringverknadar for næringslivet. Det er også fokus på sesongforlengande tiltak.

Evalueringar av nettverket så langt viser at bedriftene har hatt utbytte av deltaking i nettverket og av utviklingsprosjektet. Gjennom deltaking i nettverket har dei aller fleste bedriftene oppnådd auka gjestetilfredsheit, gjestedøgn og omsetnad, samt at bedriftene har bidrege til regional utvikling.

Den langsiktige visjonen for klynga er at camping skal bli ein av dei mest berekraftige delane av norsk reiseliv. Prosjektet vil jobbe målretta for å nå dette målet. Med eit berekraftig fokus er dei ei målsetting å få endå fleire til å overnatta ved campingbedrifter og å auke lønsemda og kompetansen i næringa. Auka kompetanse og motivasjon til å gjennomføre berekraftige tiltak skal bidra til gode gjesteopplevingar og auka lønsemd regionalt. Dette vil bidra til å sikre arbeidsplassar og sysselsetting i lokalsamfunna.

Økonomi

Budsjettpost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Bærekraftforbedringer/veileder	100 000	100 000				200 000
Digitaliseringsmuligheter for næringen	100 000	100 000				200 000
Gjesteundersøkelse på campingplassene	155 000	155 000				310 000
Konferanse/felles nettverkssamling	665 000	665 000				1 330 000
Kurs-/kompetanseiltak	40 000	40 000				80 000
Landbruk og camping - prosjekt	100 000	100 000				200 000
Markedsundersøkelser	60 000	60 000				120 000
Møteservering/øvrig utlegg	30 000	30 000				60 000
Nyheter til presse	10 000	10 000				20 000
Nyheter/oppdateringer til bedriftene	60 000	60 000				120 000
Prosjektledelse	190 000	190 000				380 000
Regionale møter	240 000	240 000				480 000
Regnskap	30 000	30 000				60 000
Reisekostnader (NTU/eksterne)	40 000	40 000				80 000
Samarbeid med lokale/regionale aktører	60 000	40 000				100 000
Service/individuell oppfølging deltakerbedr.	125 000	125 000				250 000
Studietur	220 000					220 000
Styremøter/øvrige møter	50 000	50 000				100 000
Øvrige tiltaksoppgaver	40 000	40 000				80 000
Årsrapport for campingnæringen	185 000	185 000				370 000
SUM kostnader	2 500 000	2 260 000				4 760 000

Finansieringspost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Egeninnsats arbeid - campingbedrifter	470 000	470 000				940 000
Egne midler/reisekostn. - campingbedr.	225 000	105 000				330 000
Øvrige fylkeskommuner	613 000	983 000				1 596 000
NHO Reiseliv	400 000	150 000				550 000
Egne midler/kontanter - campingbedrifter	552 000	552 000				1 104 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	240 000					240 000
SUM finansiering	2 500 000	2 260 000				4 760 000

Vurdering

Reiselivet i Sogn og Fjordane er ei veksande næring. I 2018 hadde Sogn og Fjordane over 1,471 millionar overnattingar på hotell, camping og hytter, der nærmare 700 000 av desse overnattingane var på camping og hytter.

Prosjektet handlar om å gjere camping berekraftig, samt auke lønsemda og kompetansen i næringa. Å legge til rette for at gjestene blir lengre, samtidig som ein påverkar til ei utvikling som er betre for klima, natur og miljø er eit av satsingsområda innanfor reiselivssatsinga til fylkeskommunen.

Deltaking i campingklynga viser seg å vere positivt for medlemsbedriftene. I Sogn og Fjordane er det seks medlemsbedrifter per i dag. Fordelt over fylket. Medlemsbedriftene får auka og fornya marknads- og produktkunnskap, samt kunnskap om teknologiske og digitale mulegheiter for næringa. Dette i seg sjølv kan gi fleire fordeler for bedriftene og for miljøet. Næringa kan ta i bruk miljøvenlege og digitale løysingar som vil vere til nytte for gjesten og som kan spare kostnader for bedrifta sjølv.

Reiselivet genererer også store overrisslingseffektar til andre næringar. Ein auke i gjestedøgn for campingbedriftene vil sannsynleg bety ei auke i omsetnad for lokal handelsnæring, lokale opplevings- og aktivitetstilbydarar, lokale matprodusentar og serveringsbedrifter, samt for øvrige lokale tenestetilbydarar.

Tilråding

Fylkesdirektør rår hovudutval for næring og kultur til å løyve 240 000 kr til prosjektet «Bærekraftig campingnæring i Sogn og Fjordane».

15.Videobasert bestandsovervaking i Lærdalselvi

(Sakshandsamar: Lena Merete Söderholm)

Kort om søknaden:

Søkjær: Stiftelsen Norsk Villakssenter

Totalsum prosjekt: 3 750 000

Søknadssum: 1 200 000 (over tre år)

Norsk Villakssenter vert ein del av Nasjonalt villakssenter som er under etablering. Dei siste åra har gytebestanden i Lærdalselvi vore godt under gytebestandsmåla. Søknaden seier at det også vore rapportert om store påslag av lakselus på utvandrande smolt. I prosjektet vil ein få fram objektiv kunnskap om tal villaks, sjøaure og rømt laks eller aure frå oppdrettsnæringa som går opp eller ut av elvane. Dette skal skje ved videoovervaking i perioden 1. april til 1. oktober gjennom tre sesongar. Hovudtyngda (64 %) av kostnadane er knyta til etablering og drifta av overvaking, og resten til opptak og tolking av data. Tolking vil skje manuelt. Her vil ein sette ut oppdraget til Skandinavisk Naturovervåking. Målet med prosjektet er:

1. Registrere alle oppvandrande laks og sjøaure
2. Kvantifisere laks og sjøaure etter storleiksgrupper
3. Skilje mellom han- og holaks
4. Skilje ut og kvantifisere innslag av rømt oppdrettslaks
5. Vurdere påslag av lakselus på oppvandrande fisk frå sekvenser der kvaliteten er god nok til dette

6. Registrere utvandrande laks og sjøaure – dvs. vinterstøingar av laks og sjøaure
7. Registrere smolt på veg ut i sjøen og tidspunkt for utvandring

Søknaden er forankra i oppdrettsnæringa og Stiftelsen Norsk villakssenter. Lærdal elveigarlag gjev tilslutning til gjennomføring av prosjektet. Kunnskapen frå prosjektet skal bidra til å utvikle ein langsiktig og berekraftig forvaltning av laks og sjøaure i Lærdalselvi og kunnskapsbaserte rammer for styring og utvikling av oppdrettsnæringa.

Vurderingar:

Det vil alltid vere interessant å få fram ny kunnskap som kan nyttast i berekraftig forvaltning av villaksen. Slik kunnskap bør famne om påverknad frå både kraftutbygging, elvefiske og oppdrettsaktivitet i fjorden. I dette prosjektet er det påverknad frå oppdrettsnæringa som vert forsøkt evaluert. Ein vil nytte videoovervaking for å gjere ulike typar registreringar, men vi saknar at søkjar drøfter dei kritiske faktorane knytt til om metoden faktisk gjev dei opplysningane ein er ute etter. Det er ikkje synleggjort kva avgrensingar som gjeld i høve til bruk av kamera. Vil ein kunne fange opp all fisk, kva skjer når vatnet inneheld mange partiklar (t.d. flaum, regnskyl, større slepp frå kraftproduksjon)?

Det er nesten uråd å skilje oppdrettsfisk frå villaks utan å ta skjelprøver, kor sikker vil ein videoovervaking vere for å gje data av høg kvalitet? Det vil ikkje bli nytta kamera med høgast oppløysing på bilete då det er større kostandar knytt til slike.

Søknaden seier heller ikkje kva ein plan ein har for vidare handsaming av funna som vert gjort i overvakinga, og kven som skal ha eigarskap til data og syte for at funna vert omsett i praksis. Næringsperspektivet i prosjektet er ikkje tydeleggjort. Prosjektet er dårleg forankra i den næringa som skal ha økonomisk utbytte av elvefiske (elveigarlaget). Dei deltek ikkje med finansiering, dette er ei svakheit ved søknaden.

Oppsummering og konklusjon

Søknaden er noko umoden, der kvaliteten på datamaterialet og korleis ein skal nyttiggjere seg funna burde vore betre diskutert. Vidare må det stillast krav til søkjar om at villaksnæringa sjølve går inn med midlar i prosjektet om dei finn det viktig å få det gjennomført. Søknaden passer ikkje inn med andre marine tilskotsordningar (fond) fylkeskommunen har, og er heller ikkje i samsvar med prioriteringar i Verdiskapingsplanen.

Fylkeskommunen finn ikkje å kunne støtte søknaden slik den no ligg føre. Vi ber søkjer om ein ny prosjektplan der dei gjer greie for manglane som er peika på i saksutgreiinga, og der villaksnæringa er inne med finansiering. Fylkeskommunen kan då, om dei finn prosjektet godt nok, bidra med inntil kr. 400 000 til Videobasert bestandsovervaking i Lærdalselvi.

16.Utvikling av Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI) om klimavarsling

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

Bakgrunn

NORCE klima søkjer om midlar til eitt nytt Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI). Målet med SFI-en «Climate Futures» er å sikre betre oversikt over framtidig risiko for ekstremvêr og periodar med avvikande vêr og klima. Kunnskapen skal bli gjort tilgjengeleg for ulike næringar og forvaltningsorgan. Denne søknaden konsentrerer seg om den delen av prosjektet som er landbruksrelatert (landbruksnoden i prosjektet).

Kva er ein SFI og korleis er det blitt jobba med søknaden fram til no?

SFI er ei ettertrakta ordning fordi den er langsiktig. Sentera blir etablert for ein periode på maksimalt åtte år (5+3). Ein SFI skal jobbe tett med næringslivet og bidra til innovasjonar som næringslivet treng. Bedrifter må delta i styring, finansiering og forskning i senteret. Forskningsrådet finansierer inntil 50 prosent av ein SFI sitt årlege budsjett. Ein går inn med ein intensjon om å vere med for fem år, men det vil være mogleg for brukarpartnarane å trekke seg ut innan 1. juli kvart år, med 6 månedars oppseiingstid. Forskningsrådet bidrar til SFI-ordninga med opptil 12 mill. kr. i året til kvart senter i 8 år. Det er eit krav at brukarpartnarane (totalt i prosjektet) bidrar med totalt 6 mill. kr. per år. Kvar krone blir matcha av to kroner fra Forskningsrådet.

NORCE leverte ei skisse til Forskningsrådet i april 2019 og fekk god tilbakemelding på denne. Fristen for søknader er 25. september 2019. Forventa oppstart er ultimo 2020.

Om søknaden

Betre oversikt over framtidig risiko for ekstremvêr og periodar med avvikande vêr og klima – for eksempel kalde vintrar som i 2010 og 2018, eller den varme og tørre sommaren 2018 – kan gje bedrifter og offentlig sektor høve til å unngå tap, men også til auka inntekter og innsparingar.

I 2018 blei det utbetalt meir enn 2 milliardar kroner i erstatning for avlingssvikt på grunn av tørke i Sør-Norge, den verste sesongen nokon sinne dei siste 100 år. I 2017 tapte bønder på Vestlandet store avlingar då langvarig regn gjorde det umogleg å hauste grasen. I 2017, 2018 og 2019 har ekstremnedbør ført til voldsomme skadeflommar fleire stader i landet.

NORCE, Bjerknessenteret og Universitetet i Bergen (UiB) har allereie ein stor aktivitet på varsling av vêr og klima, per i dag ein aktivitet tilsvarande om lag ca. 100 mill. kr. gjennom forskingsprosjekta «Seasonal Forecasting Engine» og «Bjerknes Climate Prediction Unit».

Søkjjar samlar no ein rekke samarbeidspartnarar til ein søknad om mildar til oppretting av eit nytt Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI). «Climate Futures» skal sørge for ei brei bruk av vêr- og klimavarsling på same plattform som Yr. Gjennom det gratis, fritt tilgjengelege grensesnittet api.met.no, som har ca. 100 millioner daglege treff, skal dei gjere tilgjengeleg varsel for bruk i gratis og kommersielle produkt og tenester.

Søkjjar peikar på to område som dei meiner vil vere av interesse for landbruket og det offentlege. Dei ynskjer å utvikle produkt og tenester retta spesifikt mot landbruket, der dei gjev varsel om risiko for ekstremvêr (for eksempel flom) og anna avvikende vêr (for eksempel tørke) meir enn ti dagar fram i tid. Det andre produktet er retta mot kommunane og vil ha fokus på beredskap. Her er målet å varsle om risiko for vêrtypar som kvar einskild kommune er utsett for.

Bønder er viktige brukarar av yr.no. I mange tilfelle kan skadar som følge av for eksempel tørke reduserast dersom ein veit at eit vêrmønster vil vare over lengre tid, eller at risikoen for ekstreme vêrtypar blir stor framover. Det kan også være viktig at ein haustar tidligare eller seinare enn optimalt dersom nedbørs-situasjonen og prognosane skulle tilseie dette. Treffsikre prognosar for både temperatur og nedbør vil også bidra til at ein med langt større presisjon kan seie noko om kvalitet og forventna hauste- og salstidspunkt av jordbruksvekstar.

Målsetjingane for prosjektet er å ha eitt nasjonalt nedslagsfelt, og det er då viktig å ha ein geografisk breitt sammansett landbruksnode i prosjektet. Ein SFI skal ha tett dialog med brukarane sine. For å få best mogleg resultat er det viktig å være i kontakt med ei stor breidde av produksjonar i landbruket.

Prosjekt mål

Betre oversikt over framtidig risiko for ekstremvêr og periodar med avvikende vêr og klima – for eksempel kalde vintrar som i 2010 og 2018, eller den varme og tørre sommaren 2018 – kan gje bedrifter og offentlig sektor mulighet til å unngå tap, men også til å auka inntekter og innsparingar.

Prosjektorganisering og samarbeidspartnarar

SFI-en skal leiast av NORCE. Brukarpartnarne vil få minst 50% styrerepresentasjon for å sikre at produkta og tenestane dekkjer reelle behov. Landbruksnoden i prosjektet får plass i styret i SFI-en.

Samarbeidspartnarar er Norges Handelshøyskole, Norsk Regnesentral, Meteorologisk institutt, Nansensenteret, PwC, KLP, Tryg forsikring, Kommunalbanken, StormGeo, BKK, Statkraft, Agder energi, Norges bondelag, Gartnerhallen, Graminor, Landbruksdirektoratet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og andre fylkeskommunar, Fylkesmannen i Vestland og andre Fylkesmenn og DSB.

Målgrupper

For landbruksnoden i SFI-prosjektet er det landbruksnæringa og det offentlege som er hovudmålgruppe.

Resultat og effektar

Prosjektet vil saman med Meteorologisk institutt og NORCE ta initiativ til å sette ned et brukarpanel med bønder frå heile landet. Det vil bli gjennomført jamlege spørreundersøkingar under og etter vekstesongen. Dette vil gje forskarane moglegheit til å hente inn erfaringare frå bøndene om brukaropplevinga nytteverdien av sesongvarslane til Climate Futures. På grunnlag av dette brukarpanelet ønskjer forskarane gradvis å utvikle eit verktøy som dekkjer reelle behov i landbruket. Det blir anslått at eit brukarpanel vil bestå av om lag 100 bønder, og at dei vil bruke tre timar på dette, fire gonger i året.

Tidsplan, budsjett og finansieringsplan

Søknaden til Forskningsrådet skal sendast inn innan 25. september 2019, og oppstart av SFI-en er planlagt til 1. september 2020. Søknaden dekkjer første året av prosjektet.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020
Forsker tilknyttet landbruksnoden		1 500 000
Brukermedvirkning (seminarer workshops, styremøter)		300 000
Produktutvikling		600 000
Dialog med landbruksnærings for å identifisere behov for andre produkter som resultat av prosjektet.		300 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020
Sogn og Fjordane fylkeskommune	200 000	
Andre fylkeskommuner	400 000	400 000
Fylkesmenn (egen innsats)		100 000
Næringsaktører		300 000
Norges Bondelag (egen innsats)		100 000
Forskningsrådet		1 200 000

Totalbudsjettet for landbruksnoden er anslått til 2,7 mill. kr. i året. Dette er grove anslag då søknaden ikkje er sendt enno, og det er ei stund til senteret startar opp. I tillegg er det betydelege summar i dei andre nodane i prosjektet.

I summen på andre fylkeskommunar ligg det inne 200 000 kr. frå Hordaland fylkeskommune, som også blir løyvd i år. Frå hausten 2021 ligg det inne 400 000 kr. frå Vestland fylkeskommune.

Vurdering

Hordaland fylkeskommune har vore delaktig i utarbeidinga av prosjektet, og både Sogn og Fjordane fylkeskommune og andre aktørar frå offentleg sektor og næring har vore kopla på. Klimaendringane har historisk sett påverka landbruket, og tilpassing til eit endra klima er ikkje ei ny problemstilling, men mykje av utfordringa i dag ligg i farten desse endringane no skjer i. Dei siste åra har det vore vekslende klima og vår, og vi har sett store avlingsskader knytt til både tørke og nedbør. Det kan difor vere mykje å hente dersom ein kan tilpasse mellom anna hausting til ut frå varsling av vår over lengre periodar.

Landbruk er ei satsing i Verdskapsplanen, og det er viktig å legge til rette for samordnande tiltak som kan løyse nokre av utfordringa næringa har. Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 har mål om at landbruksproduksjon i fylket reduserer klimagassutsleppa, er tilpassa eit endra klima, og nyttar moglegheitene i det grønne skiftet for næringsutvikling, nye produkt og tenester. Eitt anna mål er at Sogn og Fjordane samarbeider med ulike forskingsmiljø for å finne løysingar på å klimaomstille landbruksnærings på Vestlandet.

Det vil vere ein styrke for prosjektet om Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune gjer forpliktande vedtak for første året, no når søknaden skal vurderast av forskingsrådet.

Når ein går inn i første året av eit slikt prosjekt er det naturleg at det er forventningar om vidareføring, dersom arbeidet svarar til forventningane. Frå hausten 2021 er det lagt opp til at Vestland fylkeskommune skal gå inn med 400 000 kr. Dette er noko ein må ta stilling til seinare, og det er fullt høve til å trekke seg ut av prosjektet med 6 månaders oppseiingstid. Hordaland fylkeskommune vil også gå inn med 200 000 kr. for første året gjennom eit administrativt vedtak.

Det må vere ein føresetnad for ei tildeling at næringa deltek i prosjektet, enten gjennom pengar eller arbeidsinnsats.

17. Ekstra finansiering til breibandprosjekt og prosjekt for å ta i bruk teknologiske løysingar

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

Bakgrunn

Det blei søkt om støtte på 34,3 mill. kr. til breibandprosjekt i Sogn og Fjordane i 2019.

Tildelinga frå Nkom, fylkeskommunale midlar i 2019, renter og restmidlar gjer at vi har 15,56 mill. kr. tilgjengeleg for breibandprosjekt i Sogn og Fjordane 2019. Det er såleis mange prosjekt som ikkje får støtte. Det er også aktuelle kommunar som ikkje har søkt.

Historikk

I sak 41/19 prioriterte hovudutval for næring og kultur breibandsøknadane som fylkeskommunen har motteke i 2019. Vi har no gjennomført ei rettleiande kunngjering for alle prosjekta som søkte, for å vere sikre om at det ikkje er kommersielle planar om utbygging i områda. I etterkant av dette har vi sendt endeleg innstilling til Nkom. Denne har vi ikkje fått svar på enno.

Prosjekta

Per 15. september 2019 har vi fullfinansiering frå fylkeskommunen og Nkom på 11 prosjekt, og på eitt har vi finansierte ein større del av prosjektet. Denne finansieringa føreset at Nkom godkjenner innstillinga vi har sendt dei.

Det er ikkje avdekkja kommersielle planar for nokon av prosjekta.

Prosjekt som vi har finansiering på per. 15. september 2019		
Kommune	Område	Tilskot
Fjaler	Gjøllanger, Espedalen, Yndestad og Myklenost m/omegn	2 500 000
Luster	Grender i Luster	2 000 000
Gaular	Kleppe - Laukeland og Nistad — Strandeneset	580 000
Aurland	Bjørge og Turlid	150 000
Årdal	Indre Offerdal	380 000
Bremanger	Kjelkenes/Myklebust	1 050 000
Førde	Solheimsdalen del 2	1 500 000
Selje	Kjøde-Årsheim	1 800 000
Gulen	Eidsbotn-Fivesdal og Fivesdal-Setenes m/omegn	910 000
Eid	Heggjabygda	672 000
Aurland	Bakka og Tufto	300 000
Bremanger	Ålfoten, Davik og Rugsund m/omegn	3 719 978
Sum prosjekt med finansiering		15 561 378

Prosjekt utan finansiering per 15. september 2019		
Kommune	Område	Tildeling
Bremanger	Ålfoten, Davik og Rugsund m/omegn	1 680 022
Aurland	Li, Vikesland, Kvitt og Otternes	450 000
Naustdal	Instedalen og Åsedalen	2 180 000
Selje	Drage-Hoddevik	1 200 000
Eid	Skrede og Holmøyane	810 000
Gulen	Instefjord, Austgulen, Takle-Rutledal og Mjømna	2 125 000
Eid	Lote og Hennebygda	262 000
Bremanger	Berle	855 000
Askvoll	Førdefjorden	2 214 000
Gulen	Kringla, Ynnesdalen-Verkland, Hanntveit, Brossvika, Fallebø-Vatne, Dingja, Mjåneset-Espevika, Hisarøyna, Glosvika-Omdal, Grinde-Høyvika, Li, Nordre Sandøy, Grima, Tunsberg-Randal, Ærneshaugen – Gråvika	6 400 000
Jølster	Lunde -Søgnestad, aust og vest for Svidalen, Årneset – Strand, sør for Jølstraholmen	750 000
Sum prosjekt utan finansiering		18 926 022

Vurdering

Hovudutvalet har disponible midlar tilgjengeleg, og det er mange breibandprosjekt som ikkje har finansiering. Vi rår difor hovudutvalet til å setje av ekstra midlar til breibandsatsing i 2019. Desse

midlane må også sjåast i samanheng med dei ekstramidlane som venteleg vert sett av til breiband i samband med tertialrapport 2/19, og det vert då bra med midlar til tradisjonell breibandutbygging. Breiband må vere på plass for å ta i bruk teknologiske løysingar, både med kjend og nyutvikla teknologi. Men for å få full verknad av breiband-investeringane må ein også bruke dei mulighetane som gode breiband-løysingar opnar for. Dei midlane som vi no tilrår vert sett av bør følgjeleg også kunne nyttast til teknologi-prosjekt der ein aktivt fremmar dei mulighetane som opnar seg med godt breiband. Og dei bør om ønskeleg også kunne brukast i samband med utvikling av smarte bygder, der god bruk av teknologi står sentralt i arbeidet med å finne betre løysingar for innbyggjarane. Og dei 2,13 mill kr som vi tilrår vert sett av i denne saka må som nemnt sjåast i samanheng med dei breiband-midlane som vert sett av i samband med tertialrapporten.

Når det gjeld dei midlane som går til breiband legg vi til grunn at tildelinga skjer i tråd med prioritert liste jamfør HNK-sak 41/19. Sidan dette blir ei rein fylkeskommunal tildeling, og ikkje er med på prioriteringslista til Nkom må fylkeskommunen sjølve syte for å melde inn tildelinga til ESA.

18. FME Ntrans – forskingssenter for miljøvennlig energi

(Sakshandsamar: Audun Erik Gisle Sunde)

Bakgrunn

NTRANS står for Norwegian Centre for Energy Transition Strategies. NTRANS fekk våren 2019 status som forskingssenter for miljøvennleg energi (FME). FME arbeider med langsiktig forskning som er retta mot fornybar energi, energieffektivisering, CO₂-handtering og samfunnsvitskap. Sentra skal ha potensial for innovasjon og verdiskaping. Forskinga skjer i et tett samarbeid mellom forskingsmiljø, næringsliv og forvaltning. Internasjonalt samarbeid og forskarutdanning er viktige oppgåver for sentra, som vert etablerte for en periode på inntil åtte år (5 + 3). NTRANS er ei oppfølging av CENSES (også eitt FME).

NTRANS skal forske på rolla til energisystemet i omstilling til nullutsleppsamfunnet. Gjennom NTRANS vil forskarane bygge eit kunnskapsgrunnlag for vegen mot og konsekvensane av djup og hurtig energiomstilling for ulike grupper i samfunnet. Ein viktig del av dette er å finne ut korleis omstillinga kan gjerast rettferdig og demokratisk, samtidig som den gir næringslivet moglegheiter for innovasjon og verdiskaping frå norske ressursar.

NTRANS samlar forskarar frå NTNU, Sintef, Universitetet i Oslo, NHH og SNF frå Bergen, Institutt for energiteknikk (IFE), Høgskolen på Vestlandet og Vestlandsforskning i Sogndal. NTNU er vertsorganisasjon. I tillegg omfattar NTRANS 30 brukarpartnarar frå deler av næringsliv og forvaltning og ti internasjonale partnarar frå leiande globale miljø.

NTRANS vil årleg involvere 20-25 masterstudentar gjennom dei samfunnsvitskapelege masterprogramma ved NTNU, NHH, UiO og HVL. Senteret vil vidare utdanne 27 ph.d.-studentar og post doc-ar fordelt på dei forskjellige forskingsområda.

Totalbudsjettet er på rundt 303 millionar kroner over åtte år, der Forskningsrådet løyver 104 millionar kroner.

Deltaking frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune sende hausten 2018 ei intensjonserklæring om å delta i NTRANS. Flora kommune og Saga Fjordbase AS har også sendt intensjonserklæringar om deltaking. Nullutsleppsløysingar for hurtigbåt, og mekanismar rundt dette, er lufta som aktuelt brukarcase. Vidare vil eit slikt FME arbeide med mange problemstillingar som er relevante for ein fylkeskommune i forhold til ansvar innan til dømes transport, energi og klimaendringar.

Deltaking må formaliserast i haust, og signeringsprosessen har no starta. For Sogn og Fjordane fylkeskommune er det tenkt ei årleg løyving på 200' kroner (50 % i 2019), samt verdien av den tida som vil være aktuell å bruke. Ein avtale kan seiast opp med seks månaders frist. Signatur frå fylkeskommunen vil i tilfelle bli gitt med tilvising til at Vestland fylkeskommune vil vere ein realitet frå årsskiftet, og at ein avtale etter samanslåing må sameinast med den avtalen Hordaland fylkeskommune er venta å inngå. Vidare vil det følgje ein merknad om at det i den samanheng vil vere naturleg å vurdere den samla finansieringa frå dei to Vestlandsfylka.

Finansiering

I HNK-sak 8/19 («Aktivitatar og budsjett hydrogensatsing 2019») vart det sett av 1,2 millionar kr til vidareføring av hydrogeninnsatsen i 2019. Midlane vart dekkja med restmidlar frå hydrogenprosjektet og restmidlar frå tidlegare år. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å forvalte midlane, og gjere vurderingar basert på førelagt prosjektomtale for dei aktuelle tiltaka.

Finansiering av første års deltaking i programmet låg inne i sakstilfanget. Vi vurderer det no slik at ramma rekk til å finansiere deltaking ut 2020. Det vil ta noko tid før ein ser korleis NTRANS utviklar seg. Halde opp mot ein oppseiingsfrist på seks månader, er det difor ønskjeleg å ha føreseieleg finansiering i alle fall ut 2021. Dette føreset i tilfelle ei ny løyving på 200 000 kr.

Konklusjon

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet til å gjere følgjande vedtak: Det vert sett av 200 000 kr for å sikre deltaking i NTRANS ut 2021.

19. Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt

(Sakshandsamar: Endre Høgalmen)

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune si satsing på næringsutvikling har naturleg nok vore retta inn mot utvikling av distrikta. Og det er utvikling av distrikt og utkantsamfunn som våre medarbeidarar har god erfaring med å arbeide med. Frå 2020 går vi inn i Vestland fylkeskommune saman med det som no er Hordaland fylkeskommune. Sjølv om begge fylkeskommunane har eit godt engasjement kring næringsutvikling ser vi også at det dels vert arbeidd med litt ulike tilnærmingar. Litt av forklaringa på tilnærming og innretting av innsatsen finn vi nok i at Hordaland har ei god merksemd retta mot dei spennande utviklingsmiljøa i og kring Bergen. Det er ein fordel for gamle Sogn og Fjordane om vi i det nye Vestland framleis kan ha ei god merksemd mot næringsutvikling i utkantane, og det er også ein fordel for utkantane i det som i dag er Hordaland. Med bakgrunn i dette tenkjer vi å setje i gang ein innsats der vi fremmar arbeid med nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt, og der vi ser dette i samheng med anna innsats for å løfte bygdesamfunna våre.

Nærare omtale

Det vert no arbeidd med å forme det som skal bli Vestland fylkeskommune si næringsssatsing, og det vert etter kvart utforma ein plan for denne innsatsen. Det er som nemnt ein fordel for gamle Sogn og Fjordane at Vestland fylkeskommune har eit godt engasjement for utvikling av bygder og distrikt, til liks med utkantane i dagens Hordaland. Det er dels ulike tilnærmingar som skal til for å arbeide med næringsutvikling i distrikta, samanlikna med arbeidet mot dei tunge næringsmiljøa i Hordaland. Med ny innsats ønskjer vi no å starte opp eit arbeid der vi sikrar ei god merksemd på utvikling av bygder og distrikt. I denne omgang kallar vi innsatsen for eit prosjekt, men arbeidet kan også organiserast på anna vis.

Det nemnde prosjektet vil hovudsakleg femne om nærings- og samfunnsutvikling, der vi ser samla på den innsatsen som kan utvikle distrikta. Vi nemner her arbeid innan naturbaserte næringar som landbruk, marin sektor og reiseliv. I tillegg til arbeid med næringsverksemd og tilrettelegging for næringsmiljø i distrikta snakkar vi om lokalsamfunnsutvikling og det som vi kallar smarte bygder. God bruk av teknologi inngår i høg grad i smarte bygder, der ein finn løysingar som lettar kvardagen for innbyggjarane. Ei god tenking kring berekraft og klima går også att her. Og ei satsing på smarte bygder må i høgste grad sjåast i samheng med breiband-satsinga, i og med at skikkeleg breiband er ein føresetnad for det ovannemnde. Vi er i kontakt med ei klynge som arbeider med problemstillingar kring smarte byar og smarte bygder. Vi ønskjer å ta vidare dei beste erfaringane frå eit internasjonalt prosjekt med næringsmiljø i utkantane. Innsatsen som nemnt sjåast i samheng med utvikling av bygdenæringar som landbruk og distriktsbasert reiseliv. Når det gjeld lokalsamfunnsutvikling vil vi setje i verk eit program som heiter LivOGLyst. Dette vert tilbode i dagens Hordaland, og vi tenkjer å tilby dette også i gamle Sogn og Fjordane, som ein del av den forsterka innsatsen som er skissert i det nemnde prosjektet.

Vurdering

Sett frå vår synsstad er det viktig for distrikta at vi også framover arbeider målretta med utvikling av bygder og distrikt, og at vi greier å vidareføre det beste i vår næringsinnsats for distrikta. Gjennom den skildra innsatsen ønskjer vi å legge til rette for ein fortsatt god innsats i bygder og distrikt.

Vi arbeider med å få form på den nemnde innsatsen, i samråd med sentrale samarbeidspartnarar. Hovudutvalet løyvde 0,7 mill kr i sitt juni-møte. Vi har no arbeidd meir med innhaldet i eit slikt prosjekt, og lufta problemstillinga med m.a. Innovasjon Norge og Fylkesmannen si landbruksavdeling. Den første løyvinga frå hovudutvalet ser vi på som eit klarsignal om arbeide vidare med planane. Det er behov for adskilleg meir midlar for å få til ei god satsing for bygder og distrikt, og vi ser på fleire finansieringskjelder. Vi ber no om 1,4 mill kr frå hovudutval for næring og kultur. Dette finansiert med midlar frå budsjett 2019, avsett til nyskaping.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ber om at det vert løyvd 1,4 mill. kr til ei satsing på nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt.

20.Utvikling av audioguide Sagastad

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

Bakgrunn

Sagastad Drift AS søker om 370 000 kr til utvikling av audioguide Sagastad.

Historie

Fylkeskommunen har ikkje tidlegare støtta Sagastad Drift AS.

Nærare omtale

Målet med prosjektet er å få formidla historia frå Myklebust på Nordfjordeid og korleis den har sett sport etter seg. Historia skal formidlast på fire språk i første fase; Tysk, Fransk, Spansk og Mandarin. Expology AS er valt som leverandør av audioguiden.

Utvikling av informasjon som blir gjort tilgjengeleg blir gjort i samarbeid med Universitet i Bergen.

Økonomi

Budsjettpost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Beacon og lisensavgift	34 000	34 000	34 000			102 000
innhold på tur		50 000	30 000			80 000
Innholdsproduksjon	290 000	25 000	25 000			340 000
Variabel kost nettbrett/hodetelef	25 000	66 000	11 000			102 000
SUM kostnader	349 000	175 000	100 000			624 000

Finansieringspost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	245 000	85 000	40 000			370 000
EGEN FINASIERING	104 000	90 000	60 000			254 000
SUM finansiering	349 000	175 000	100 000			624 000

Vurdering

Det er positivt at ein ynskjer å gjere tilgjengeleg lokal kulturhistorie på fleire språk.

I 2018 fekk Stiftinga Sagastad 60 000 kr til eit liknande prosjekt gjennom tilskotsordninga Infrastrukturmiddel til reiselivet. Dette er eit prosjekt som også går på digital formidling av vikinghistoria på Eid. Også dette prosjektet samarbeider med Universitet i Bergen, Expology AS med fleire.

Søknaden som no er levert inn er i stor grad i samsvar med søknaden frå Stiftinga Sagastad som har fått tilskot frå fylkeskommunen. Det er difor ikkje noko grunn for fylkeskommunen å gå inn i eit prosjekt til som ser ut som det nesten er identisk. I tillegg er søknaden svært ufullstendig.

Tilråding

Fylkesdirektør rår hovudutval for næring og kultur til å gi avslag på søknad om midlar til prosjektet «Utvikling av audioguide Sagastad».

21. Disponering restmidlar frå INU

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

Bakgrunn

Det er per no ikkje restmidlar frå INU-ordninga, men administrasjonen ber om ei fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar seinare.

Historikk og føringar

Frå 2007-2017 hadde fylket ei foreining med eit styre samansett av politikarar og personar frå næringslivet i dei tre kommunane Førde, Sogndal og Florø som forvalta overføringar frå staten som

kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift i dei tre kommunane. Denne foreininga hadde forkortinga INU – FSF.

I samband med statsbudsjettet for 2017 vart den statlege kompensasjonsordninga avvika. Fylkestinget vedtok avvikling av INU-ordninga i sak 19/17. I samband med avviklinga tildelte fylkestinget nokre restmidlar og gjorde mellom anna også følgjande vedtak:

Midlar utover dette skal (renteinntekter og tilbakeførde midlar) jmf. årsmøtevedtak i hovudsak prioriterast til tettstadutvikling i dei tre kommunane.

Hovudutvalet for næring og kultur får fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar.

Restmidlar frå INU

Vi har no om lag 20 aktive tilskot, som har knappe 9 mill. kr. som ikkje er betalt ut. Fleire prosjekt blir betalt ut i løpet av dei næraste månadane. Vi har gått gjennom alle prosjekta, og per no har vi ikkje opplysningar om at nokre av prosjekta ikkje blir gjennomført i skissert omfang. Det er såleis ikkje å vente at det blir mykje restmidlar frå INU-ordninga framover. Det kan kome noko renter, om enn i avgrensa omfang.

Vurdering

Det er ikkje restmidlar i ordninga per no. Det vil truleg ikkje bli store summar framover heller. Men for å kunne nytte eventuelle restmidlar på nytt, så ber vi om ei fullmakt til å nytte restmidlar i tråd med opphavleg føremål beskrive i fylkestingssak 19/17.

Konklusjon

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2019, samt eventuelle restmidlar frå INU-ordninga i tråd med føremål beskrive i fylkestingssak 19/17.

22. Fullmakt på resterande driftsmidlar

(Sakshandsamar: Adrian Husabø Bjørseth)

Bakgrunn

Budsjettet for næringsutvikling innan sektoren Næring og Kultur er finansert med både fylkeskommunale driftsmidlar og regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). For regionale utviklingsmidlar frå KMD som næringssektoren forvaltar er det høve til å overføre unytta midlar ved årslutt til bruk seinare år. Dei fylkeskommunale driftsmidlane skal nyttast i det aktuelle budsjettåret, og unytta driftsmidlar inngår som ein del av rekneskapsresultatet til fylkeskommunen ved årslutt.

Nærare omtal og vurdering

På grunn av regionreforma har hovudutvalet sin møteplan vorte endra. Fylkesrådmannen ser difor behov for å be om fullmakt til å disponere og eventuelt justere fordelinga av resterande driftsmidlar mellom tenesteområda innanfor sektoren. Dette inneber å løyve unytta driftsmidlar og å gjere mindre omprioriteringar mellom tenesteområda. Omfanget av resterande driftsmidlar vil vere rundt ein million kroner.

Konklusjon

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar samt å omfordele midlane mellom tenestene på næring og kultur sitt budsjett for 2019.